

KYRRE



Standard for dataregistrering av kyrkjebøker i Norge

Kommentarer til Kyrre kan sendast Digitalarkivet på e-post:

digitalarkivet@riksarkivaren.dep.no Alle innsende forslag og kommentarer vil verta vurderte før lansering av neste versjon i løpet av 2006.

Spørsmål om registrering av kyrkjebøker og tolking/bruk av Kyrre kan rettast til Kjelde-registreringsforumet i Digitalarkivet:

<http://digitalarkivet.uib.no/cgi-win/WebDebatt.exe?slag=listtema&debatt=kyrre&spraak=>

Digitalarkivet tar i mot kyrkjebokdatabasar registrerte etter andre standardar fram til og med september 2006, men fordi feltoppsettet i Digitalarkivet allereie er standardisert, vil berre felt som finst i Kyrre kunna leggjast ut. Andre felt vil verta slått saman eller plassert i merknadsfeltet. Frå og med oktober 2006 vil berre kyrkjebokdatabasar som byggjer på Kyrre leggjast ut i Digitalarkivet/-pensjonatet.

Forord

Arbeidet med denne standarden tok til fordi Digitalarkivet ynskte å få eit fast oppsett for vising av kyrkjebøker i Digitalarkivet. Etterkvart som dette arbeidet kom i gang og vart kjend blant brukarane av Digitalarkivet, viste det seg at mange av dei som registrerer kyrkjebøker også ynskte klarare instruksar for registreringa av kyrkjebøkene. Planen om å laga feltoppsett for vising av kyrkjebøker vart difor utvida til også å omfatta ein ny standard for kyrkjebokregistrering, og undertekna fekk ansvaret for dette arbeidet.

Fleire år tidlegare såg andre det same behovet for ein ny standard og byrja arbeidet, men prosessen stoppa av ulike grunnar opp. Lars Nygaard ved Avdeling for elektronisk arkiv i Riksarkivet var ein av hovudpersonane bak dette arbeidet, og han vart difor tidleg trekt inn i arbeidet med å utvikla denne nye standarden. Lars Nygaard har skrive kapittel 5-7 og vedlegg 2-3, og i tillegg har han undervegs i heile prosessen kommentert både struktur, innhald og språk også i resten av manuskriptet. Det endelege resultatet må difor sjåast som eit resultat av samarbeidet mellom oss to.

Fleire andre har også medverka undervegs. Anette Skogseth Clausen i Digitalarkivet har kome med konstruktive råd og har også lese og kommentert utkasta etterkvart som dei vart ferdige. Yngve Nedrebø ved Statsarkivet i Bergen har bidratt med kunnskapar om kjelder, litteratur, og ikkje minst ei uvurderleg erfaring innan registrering av kjelder. Trond Sirevåg ved Avdeling for elektronisk arkiv i Riksarkivet har kome med innspel om korleis standarden måtte utformast for at dei resulterande datafilene skulle vera lagt til rette for langtidslagring. Mange av gjestene i Digitalpensjonatet og registratorane i DIS-Norge har bidratt med forslag undervegs. Sist, men ikkje minst fortener brukarane av Digitalarkivet ei takk for alle forslag og idéar til korleis Digitalarkivet kan verta endå betre. Ei ekstra takk til dei mange som deltok i debatten 11888: *Ny måte å visa kyrkjeboksdatabasar* i Arkivforumet i Digitalarkivet.

Riksarkivaren har støtta arbeidet med utviklinga av denne standarden.

Bente Kopperdal Hervik, 12.12.2005

Innhald

Forord.....	1
Innhald	3
1. Innleiing.....	5
2. Kyrkjebøkene	7
2.1. Dei eldste kyrkjebøkene	7
2.2. Kyrkjebøker med trykte skjema.....	8
2.3. Generelt om kyrkjebøker.....	10
3. Overordna instruksar for registreringa.....	13
3.1. Struktur og terminologi i Kyrre	13
3.2. Overføring av informasjon frå papir til databaseform	15
4. Registreringsinstruksar for dei ulike listetypane	21
4. 1. Felles for alle listene.....	21
4.2. Fødde og døypte.....	28
4.3. Konfirmerte	33
4.4. Vigde (inkludert trulova og lysingar)	36
4.5. Døde og gravlagde.....	41
4.6. Dødfødde.....	45
4.7. Vaksinerter	48
4.8. Innflytta	51
4.9. Utflytta	56
4.10. Offentlege skriftemål (publice absolverede)	60
4.11. Kommunikantar, betening og beretting	62
4.12. Introduserte kvinner.....	65
4.13. Innmelde i statskyrkja	67
4.14. Utmelde av statskyrkja	69
5. Dokumentasjon av kilde og registrering	71
6. Datastruktur	75
7. Registreringsprogrammer	79
Vedlegg 1: Registreringsskjema for konfirmentar	81
Vedlegg 2: Feltstruktur for datafilene i Kyrre	82
Vedlegg 3: DTD for KyrreML (XML) – hovudformatet i Kyrre	96
Litteratur.....	104

1. Innleiing

Kyrkjebøkene er ei av dei viktigaste kjeldene til informasjon om personar i tidlegare tider. Mange ynskjer difor å bruka desse kjeldene, men finn dei vanskeleg tilgjengelege. Digitalisering av kyrkjebøkene har av den grunn vorte ei prioritert oppgåve, både i Arkivverket, i DIS-Norge og blant privatpersonar. Etterkvart som ”dugnaden” med å registrera og digitalfotografera kyrkjebøkene har kome i gang, har me sett eit stadig større behov for rammer og retningslinjer som kan styra registreringsarbeidet. Dei som registrerer treng rettleiing til korleis dei skal gå fram når dei registrerer, medan brukarane og Arkivverket ynskjer at databasane skal vera eins i form og innhald slik at dei vert lettare å handsama og meir føremålstenlege å finna fram i.

På bakgrunn av dette sette Digitalarkivet i samarbeid med Avdeling for elektronisk arkiv i Riksarkivet i 2003 i gang med å utvikla ein standard for registrering av kyrkjebøkene. Denne standarden er meint å erstatta Standard 4G, som har vore mykje brukt, men som har vist seg å ha store veikskapar, særleg med tanke på publisering på Internett. Måla med ein ny standard er å letta arbeidet for dei som registrerer kyrkjebøker ved å gje klare instruksar for registreringa, gjera kyrkjeboksdatabasane betre tilrettelagde for søk i Digitalarkivet, og betre kunna sikra databasane gjennom langtidslagring. For å kunna referera til denne standarden for kyrkjebokregistrering måtte den få eit namn. Namnet vart **Kyrre**, som er ei avkorting for nettopp kyrkjebokregistrering.

Kyrre har sju kapittel, og kapittel 2, 3, 4 og 5 må lesast av alle som registrerer kyrkjebøker for å senda dei til Digitalarkivet. Kapittel 2 handlar om kyrkjebøkene og føring av desse til ulike tider. Det tredje kapitlet tar føre seg ein del overordna instruksar for registrering av kyrkjebøker. Her vert mellom anna ein del viktige prinsipp og omgrep presenterte. I det fjerde kapitlet vil ein finna dei feltoppsetta som skal brukast til registreringa, og retningslinjer for korleis desse felta skal fyllast ut. I det femte kapitlet i Kyrre som er kalla *Dokumentasjon av kilde og registrering*, tar me føre oss dokumentasjonen som skal leverast saman med datafilene. Kapittel seks gjer greie for datastrukturen, og er eit kapittel som er meint for programutviklarar. Siste og sjuande kapittel omhandlar ulike registreringsprogram som kan nyttast til registrering av kyrkjebøker.

2. Kyrkjebøkene

2.1. Dei eldste kyrkjebøkene

Påbod om å føra kyrkjebøker

Kyrkjebøker, også kalla ministerialbøker, er embetsbøker for kvart prestegjeld eller kyrkjesokn der opplysningar over kyrkjelege handlingar vert førte. I delar av Europa finst det kyrkjebøker heilt attende til 1300- eller 1400-tallet. I Noreg er den eldste bevarte kyrkjeboka frå Andebu i Vestfold. Denne tar til i 1623. Det er elles få kyrkjebøker i Noreg som er frå før 1650. Bragernes 1634-, Tingvold 1645-, Trøgstad 1645-, Vår Frelzers Menighet i Oslo 1648-, Heddal 1648- og Sauherad 1649- er dei einaste.

Sokneprestane hadde frå først av ikkje noko pålegg om å føra kyrkjebøker, men ved eit kongebrev av 17. mai 1646 påla Christian IV prestane å føra lister over døypte med fadrar og *”huor mange aarligen til sammen wies og dør”*. Dette pålegget vart berre i liten grad følgt opp. Seinare bestemte eit prostemøte for Bergen stift i 1668 at sokneprestane skulle føra kyrkjebok over døypte og vigde, men berre nokre få av prestegjelda i Bergen stift har kyrkjebøker som byrjar i 1668. I Kyrkjeritualet frå 1685 var det generelle påbod om føring av dåpshandlinga. Namn på den døypte, foreldra og fadrane skulle førast. I tillegg skulle presten føra dei trulova med trulovarar, og gravlagde i kyrkjeboka. Påbodet om å føra kyrkjebøker vart gjentatt i Norske Lov av 1687. Kyrkjeritualet og Norske Lov trådde i kraft hausten 1688, og frå no av skulle alle sokneprestane i Noreg føra kyrkjebøker. I mange prestegjeld finst det likevel kyrkjebøker først frå langt ut på 1700-talet. Årsakene til dette er at ein del bøker er gått tapt, men mange prestar lot også vera å følgja påboda om å føra kyrkjebøker.

Retningslinjer for føring av kyrkjebøkene

Det fanst altså påbod om å føra kyrkjebøker, men grundige instruksar for korleis dei skulle førast mangla. Det var difor framleis mykje opp til kvar einskild sokneprest å avgjera korleis dette skulle gjerast. Ein del prestar har ført kyrkjebøkene kronologisk med ulike typar kyrkjelege forretningar om ein annan. Andre delte kyrkjeboka inn etter type kyrkjeleg handling. Felles for dei fleste eldste kyrkjebøkene er at det var dei kyrkjelege handlingane, altså dåp og ikkje fødsel, og gravferder i staden for dødsfall, som vart førte.

I 1732 sende Biskop Hersleb i Akershus ut eit rundskriv der han gav reglar for føring av

kyrkjebøkene. Mellom anna ville han at kyrkjebøkene skulle delast i tre – éin del for døypte, éin for trulova og éin for gravlagde. Han skisserte også kva for opplysningar som skulle førast for kvar av dei tre handlingane. Hersleb ville at det i tillegg skulle setjast av nokre sider for dei som måtte stå offentleg skrifte, dei ”publice absolverede”. Dette var i hovudsak kvinner som hadde fått born utanfor ekteskap, men også andre som hadde sett seg ut over kyrkja sine regler.

2.2. Kyrkjebøker med trykte skjema

Reskriptet frå 1812

Trass i mange forsøk på å få strammare retningslinjer for føring av kyrkjebøkene, var dei likevel svært ulike og av svært varierende kvalitet. Ei strengare regulering var difor naudsynt. 1. desember 1812 kom eit kongeleg reskript med grundigare retningslinjer for føring av kyrkjebøker. I følgje reskriptet skulle prestane kjøpa kyrkjebøker med ferdig trykte skjema for kvar av dei kyrkjelege handlingane. På denne måten skulle prestane pressast til å føra opplysningane slik reskriptet påla.

Reskriptet frå 1812 påla klokkarane i kvart prestegjeld å laga duplikatkopiar av kyrkjebøkene. Desse klokkarbøkene, som dei ofte vert kalla, skulle ha fleire funksjonar. Presten og klok karen skulle samanhalda bøkene sine to gonger i året, for slik å kunne avdekkja moglege feil eller manglar. Fordi dei to protokollane aldri skulle liggja under same tak, skulle ein ha ein nøyaktig kopi, jamvel om arkivet skulle brenna eller gå tapt på annan måte. Mange stader slutta ein å føra klokkarbøker etter ganske få år, og det er først frå 1850-tallet at ein kan venta å finna samanhengande seriar av klokkarbøker.

Reskriptet frå 1812 er tilgjengeleg på denne adressa: <http://da2.uib.no/kyrre/1812.htm>

Reskriptet frå 1820

Reskriptet av 1812 viste seg å ha klare manglar, og etter ynskje om ein meir føremålstenleg måte å føra kyrkjebøkene på, kom det 2. desember 1820 eit nytt kongeleg reskript om *”hvordan Ministerial-Bøgerne i Kongeriget Norges samtlige Præstegjelde herefter bliver at indrette”*. Kyrkjebøkene etter det nye reskriptet skulle kjøpast inn og takast i bruk så snart dei gamle kyrkjebøkene var utskrivne.

Endringane som vart innførte med reskriptet frå 1820 var ikkje særleg omfattande. Vaksinerte skulle frå no av førast i eige skjema, og i tillegg vart det gjort ein del mindre endringar i dei andre skjemaa. Desse endringane vil verta nærare forklarte seinare. I tillegg til dette vart det også bestemt at alle residerande kapellantar skulle føra eigne kyrkjebøker for sitt sokn, og at prestane skulle føra dagsregister over alle embetsforretningar.

Reskriptet frå 1820 er tilgjengeleg på denne adressa: http://da2.uib.no/kyrre/1820_001.htm

Dissenterlova av 1845

16. juli 1845 vart Dissentarlova sanksjonert av kongen. Med denne fekk innbyggjarane i landet for første gong lov til å melde seg ut av det som no fekk namnet Statskyrkja. Retten til å melde seg ut omfatta alle, også dei som ikkje ynskte å melde seg inn i eit anna trussamfunn. Det hadde lenge vore personar som ikkje hadde høyrte til den offisielle religionen. Desse hadde vorte tolererte, men med Konventikkelpakaten av 1741 hadde dei ikkje lov til å halda offentleg gudsteneste. Ein del dispensasjonar hadde likevel vore gjevne.

Jamvel om dissentarane var utmelde av statskyrkja, skulle prestane føra både fødsjar, vigslar og dødsfall for dissentarane i kyrkjebøkene. Eit skriv frå Kyrkjedepartementet 30. januar 1858 slo fast at føring av dissentarar skulle skje samla på ein særskild stad i kyrkjeboka. Prestane skulle også føra lister over dei som melde seg inn og ut av statskyrkja. Med kyrkjebokskjemaet frå 1877 kom dette med som eigne skjema i kyrkjebøkene.

Ordninga med at prestane skulle føra opplysningar om dissentarar gradvis bort, dei fleste stader før 1930. Føresegnene om at dei skulle førast i kyrkjebøkene stod likevel ved lag heilt fram til 1969.

1877-resolusjonen

Nye reglar for kyrkjebokføring kom i ein kongeleg resolusjon av 13. juli 1877, følgt opp av eit sirkulære frå Kirkedepartementet 24. juli same året. Resolusjonen medførte ein del endringar i dei ulike skjemaa frå 1820. Dette vil me koma nærare inn på i kapittel fire. I tillegg vart skjemaet for vaksinerte fjerna frå kyrkjebøkene, medan skjema for innmelde og utmelde frå statskyrkja kom med. Resolusjonen påla også prestane å føra eigne kyrkjebøker for kvart sokn i prestegjeldet. Fristen for å ta i bruk dei nye kyrkjebøkene vart sett til 31. desember 1886.

Resolusjonen frå 1877 kan lesast på adressa:

<http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050829010081.jpg&siz=full>

og

<http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050829010082.jpg&siz=full>

Skjemaa som vert brukt i dag er med ein del mindre endringar dei same som vart innført med resolusjonen av 1877. I tillegg finst det no også nynorske versjonar av dei ulike skjemaa.

2.3. Generelt om kyrkjebøker

Kor pålitelege er kyrkjebøkene?

Kyrkjebøkene er det næraste ein kjem eit folkeregister i eldre tid. Dei skulle omfatta heile folkesetnaden og innehalda opplysningar om fødsjar og dødsfall, og om ein del viktige hendingar i perioden imellom, som t.d. konfirmasjonar og vigslar. Likevel er kyrkjebøkene langt frå like pålitelege som dagens folkeregister.

Grovt rekna kan me seia at dess eldre kyrkjebøkene er, dess mindre kan me stola på dei opplysningane dei gjev. I tillegg vil informasjonen vera mindre sikker dess eldre ein person var, og slik vil opplysningar frå listene over døypte og konfirmerte vera langt sikrare enn listene over døde. Dåpen vil t.d. vera førstehandskjelde til informasjon om fødselsåret, medan fødselsåret som vart oppgjeve når ein person døydde, kan vera fleire år frå realiteten.

Gravferdslistene er også dei som er mest mangelfulle når det gjeld talet på personar som vart førte i kyrkjeboka. Mange stader på landet var ikkje soknepresten til stades under sjølv gravferda, men vart tilkalla seinare for å kasta jord på grava. Det var slett ikkje alltid at ein brydde seg med å kalla inn presten, og dermed vart dødsfallet gjerne ikkje ført i kyrkjeboka. I ei rekke kyrkjebøker, særleg frå 1700-talet, kan me rekna med at under halvparten av dødsfalla er tatt med. Særleg ser me at innførslane av døde born er mangelfulle.

Klausulering av kyrkjebøker

Opplysningane i kyrkjebøkene er i utgangspunktet klausulerte for innsyn i 60 år. Listene over døypte frå 1930 og frametter må likevel kontrollerast for opplysningar om adopsjon før dei

kan leverast ut til publikum.¹ Digitalarkivet kan ikkje leggja ut opplysningar om levande personar, og opererer difor med strengare grenser. Per i dag legg me ut dåpslister fram til 1910, konfirmasjonslister til 1925 og vigselsslister til 1930. Desse grensene vert reviderte kvart femte år, og neste gong i 2010. Listene over døde personar kan leggjast ut heilt fram til i dag, men sensitive opplysningar (opplysningar om helse, religiøse forhold, økonomi, adopsjon etc.) må fjernast før publisering. For dei andre listene i kyrkjebøkene gjeld ei 80-årsgrense for publisering i Digitalarkivet.

¹ Lov om adopsjon 2. april 1917 vart endra ved lov 24. mai 1935 slik at det vart opna for ”sterk” adopsjon. Ved sterk adopsjon vart banda mellom biologiske foreldre og barnet brotne. Frå 1. juli 1957 var det berre høve til sterk adopsjon. Riksarkivaren har fastsett at dåpslistene i kyrkjebøkene er klausulerte frå 1. januar 1930 av omsyn til ”sterk” adopsjon, som kunne gjelda born fødte lenge før 1935.

3. Overordna instruksar for registreringa

Kyrre er ein standard for registrering som skal kunna brukast for alle kyrkjebøker, frå dei eldste på 1600-talet til dei nyaste som vert til i dag. Standarden skal også kunna brukast for alle dei kyrkjelege aktene eller handlingane som er førte i kyrkjebøkene. Kyrre inneheld eitt feltoppsett for kvar listetype i kyrkjeboka, medan det som er felles for alle listetypane er samla under overskrifta *Felles for alle listene* i kapittel 4.1. Feltoppsettet for dei ulike listetypane er plasserte i kapittel 4.2-4.14.

Før me går inn på registreringsinstruksane for kvar dei kyrkjelege aktene, er det naudsynt å gjera greie for strukturen og terminologien som vert nytta i Kyrre. I tillegg er det viktig å skissera ein del prinsipp for registrering av kyrkjebøker, og gjera greie for tilpassingar som må gjerast ved overføring av informasjon frå papir til database. Desse overordna instruksane for registrering av kyrkjebøker vert gått gjennom i dette kapitlet. Det er difor avgjerande at ein les dette kapitlet før ein les om feltoppsettet i neste kapittel.

3.1. Struktur og terminologi i Kyrre

Registreringseininga i Kyrre er *handlingar*. Omgrepet handling vert normalt nytta om det å handla eller gjera noko. I Kyrre vert omgrepet i utgangspunktet definert som ei kyrkjeleg akt som gjeld éin hovudperson t.d. éin konfirmant, eller eitt par i vigselstene. I lange periodar hadde prestane også ansvar for føring av ikkje-kyrkjelege handlingar. Dette gjeld listene over vaksinerte, og over personar som flytta inn og ut av prestegjeldet. Desse listene fekk òg plass i kyrkjebøkene, og vaksinasjonar og flyttingar vert difor også rekna som *handlingar* i Kyrre, jamvel om dei ikkje er kyrkjelege akter.

I kyrkjebøkene der løpenummer er nytta, har kvar einskild *handling* i dei aller fleste tilfella eit eige unikt løpenummer. Unntak er listene over kommunikantar (nattverdsgjester) der det var vanleg at familiemedlemer som gjekk i lag til nattverd vart førte saman og gjerne med eitt løpenummer. Tilsvarande gjeld listene over offentlege skriftemål der to personar som måtte stå offentleg skrifte på grunn av same ”synd” vart førte saman. I listene over inn- og utflyttarar fekk gjerne personar som flytta saman det same løpenummeret fordi dei var oppførte på den same attesten. Alle personar i desse fire listetypane som er førte inn i

kyrkjebøkene saman med ein eksplisitt relasjon til kvarandre og gjerne med same løpenummer skal registrerast som hovudpersonar i same handling. I tillegg skal inn- og utflyttarar som flytta saman registrerast på same handling, jamvel om dei er førte med ulike løpenummer. Meir om dette under registreringsinstruksane for kvar einskild listetype.

Me kan også finna avvik frå hovudregelen om at kvar person eller kvart brurepar er førte med eit unikt løpenummer i andre listetypar. Til dømes finn me eksempel på at to eller fleire born med same foreldre er førte med same løpenummer i dåpslistene. I slike tilfelle skal ein registrera kvar einskild handling, i dette tilfellet kvart dåpsbarn, for seg. Løpenummeret skal repeterast for kvar av dei handlingane det gjeld.

For å skilja mellom dei originale kyrkjebøkene og databasen som er registrert på bakgrunn av kyrkjeboka, vil me skilja mellom omgrepa *rubrikk* og *felt*, og mellom *registrera* og *føra*. Omgrepet *rubrikk* vert frå no av brukt om dei ulike kolonnene i kyrkjeboka. Ein rubrikk er såleis kjenneteikna ved at den har ei overskrift som styrer innhaldet i denne rubrikken. Omgrepet *felt* vert derimot nytta om dei ulike kolonnene i databasen. Såleis skal innhaldet i ein *rubrikk* i kyrkjeboka registrerast i eitt (eller fleire) *felt* i databasen. Med *registrera* meiner me den prosessen der kyrkjeboka vert lesen, tolka og tasta inn i ein database. Omgrepet *føra* vert derimot nytta om presten sine innførsalar i kyrkjeboka.

Struktur i Kyrre

Kvar handling i Kyrre har to nivå. På *handlingsnivået* skal opplysningar om sjølve handlinga og referansen til den originale kyrkjeboka registrerast, medan opplysningar som gjeld personane som på ein eller annan måte deltok i eller vart nemnde i samband med handlinga, skal registrerast på *personnivået*. Kvar av personane i ei handling får tildelt faste rollenemningar eller *roller*, som definerer deira plass i handlinga. Til dømes vil dei ulike rollene i ei dåpshandling vera barn, far, mor, inntil 12 fadrar, heimedøypar og dåpsmeldar.

Alle kyrkjebokdatabasane vil på sikt verta lenka opp mot digitale bilete av kyrkjebøkene. Når informasjonen vert tilgjengeleg på denne måten, må tida det tar å registrera ein del av informasjonen i materialet vurderast opp mot behovet for å søkja i denne informasjonen. Ein del opplysningar som t.d. namn på hovudpersonane, og datoar for handlingane vil vera svært aktuelle å søkja i for å finna fram til den informasjonen ein leitar etter. Derimot vil ein del opplysningar som dato for attestar, lysingsdatoar, personar som melder om fødsalar eller

komande vigslar, ikkje vera like aktuelle å søkja etter. I Kyrre er difor ein del felt og roller valfrie å registrera, og desse er markerte med stjerne (*). Det er opp til kvar einskild som registrerer å velja om ein vil nytta desse felte og rollene.

3.2. Overføring av informasjon frå papir til databaseform

Kva skal ein registrera - ministerialbøker eller klokkarbøker?

Frå eit stykke ut på 1800-talet skal det som nemnd normalt finnast to sett med kyrkjebøker for kvart av prestegjelda - ministerialbøkene som presten førte, og klokkarbøkene som vart førte av klok karen i kvart sokn. I arkivkatalogane vert desse referert til som høvesvis ministerialbøker (Mini) og klokkarbøker (Klok).

Trass i at klokkarbøkene skulle vera nøyaktige kopiar av kyrkjeboka som presten førte, er dette slett ikkje alltid tilfelle. Mange klokkarar slurva med føringa, medan dei andre gonger førte andre opplysningar enn det me finn i presten si bok. På grunn av dette, og fordi presten si bok skulle vera den offisielle, er det denne som skal registrerast. Klokkarbøkene skal berre registrerast såframt presten si bok er gått tapt eller av andre årsaker er utilgjengeleg. Nokre stader finst det også bevart kladdar til kyrkjebøkene. Desse skal berre registrerast dersom ministerialbøkene og klokkarbøkene er tapte.

Det finst også ein del andre typar kyrkjebøker for dei ulike handlingane. Mange gonger finst det egne vaksinasjonsprotokollar og kommunikantprotokollar. Desse kan registrerast i høvesvis skjemaet for vaksinerte og kommunikantar. Lysningsprotokollar kan registrerast i skjemaet for vigde, og fødselsregister i skjemaet for fødde og døypte. For dei to sistnemnde handlingstypene rår me til at ministerial- eller klokkarbøkene vert nytta i staden.

Kjeldetruskap

Noko av det viktigaste å tenkja på når ein registrerer kjelder for publisering, er at ein skal vera mest mogleg tru mot den originale kjelda. Registrator skal såleis ikkje tilføra informasjon ut frå opplysningar ein sit inne med frå andre kjelder, normalisera namn eller skrivemåtar, eller la sine egne tolkingar av den originale kjelda koma til uttrykk på annan måte i det dataregistrerte materialet. Den som registrerer skal altså forsøka å formidla materialet mest mogleg likt den originale kjelda, og i størst mogleg grad overlata tolkinga til brukarane. I praksis vil ein likevel oppdaga at registrering av kjelder krev tilpassing, men dei tilpassingane

ein gjer skal så langt som råd berre gjelda strukturen og oppsettet, ikkje innhald.

Frå fritekst eller rubrikkar til felt

Eit utgangspunkt for Kyrre er at rubrikkane i kyrkjeboka skal samsvara med felte i databasen. I mange tilfelle er det likevel naudsynt å gjera tilpassingar. Dette gjeld både når ein registrerer kyrkjebøker som er skrivne i fritekst og for nyare kyrkjebøker som er førte i trykte skjema.

Opplysningane i kyrkjebøkene der informasjonen er ført i fritekst og ikkje i skjema, må strukturast slik at dei lett kan leitast fram ved søk. I Kyrre er det eitt og same feltoppsett for kvar handling i alle kyrkjebøkene, frå dei eldste og til kyrkjebøker som vert til i dag. Struktureringa går difor ut på å plassera informasjonen frå kyrkjebøkene inn i eit databaseskjema med felt og roller som er fast definerte på førehand. Korleis dette skal gjerast er nærare forklart under feltoppsettet for dei ulike listetypane i neste kapittel.

Nyare kyrkjebøker er på mange måtar lettare å få til å passa inn i eit registreringsskjema, men også her er det naudsynt å splitta opp informasjonen i ein del rubrikkar og fordela den på fleire felt. Til dømes vil alle namn normalt vera førte i same rubrikk i kyrkjeboka, medan det mest tenlege ved registrering er å skilja førenamn og etternamn. I ein del tilfelle vil det også vera naturleg å registrera informasjonen i andre felt enn tilsvarande rubrikkar i kyrkjeboka. Slike tilpassingar vil verta nærare omhandla i neste kapittel.

Mange gonger vil ein oppdaga at det er langt fleire felt i registreringsskjemaet enn det ein treng for å registrera den aktuelle handlinga i kyrkjeboka. Dette gjeld særleg på personnivået. Til dømes er det lite sannsynleg at opplysningar om fødestad eller fødselsdato vil finnast i listene over introduserte kvinner. Når desse felte likevel er med i oppsettet, er det for at handlingar som t.d. introduksjon og offentleg skifte som regel berre finst i kyrkjebøkene før det kom fastlagde skjema. I dei eldste kyrkjebøkene varierer det svært mykje kva for opplysningar som er med og korleis dei er førte. For å vera på den sikre sida har me difor vald å ha relativt mange felt også for denne type handlingar.


Konstruksjon av opplysningar

For å tilpassa materialet til søking vil det nokre gonger vera føremålstenleg å konstruera opplysningar ut frå samanhengen i den kjelda ein registrerer. Det er uråd å skriva instruksar

som dekkjer alle moglege innførsjar i kyrkjebøkene. Dei som registrerer er difor nøyddde til å bruka eige skjønn for å avgjera kva for opplysningar ein bør konstruera.

Det som i dei fleste tilfelle vil vera mest naturleg å konstruera, er først og fremst namn og kjønn på personar. Kjønn skal registrerast for alle personar dersom det ikkje følgjer naturleg av den rolla dei har. Ein bør såleis konstruera kjønn på t.d. dåpsbarnet og på fadrane, medan ein ikkje treng å konstruera kjønn på far og mor til barnet. Kva for opplysningar ein kan bruka for å avgjera kva for kjønn vedkomande hadde, vert gjennomgått under *Felles for alle listene* kapittel 4.1.

Namn som ikkje er eksplisitt oppgjeve, men som likevel går fram av konteksten, bør i mange tilfelle registrerast. Illustrasjonen nedanfor viser ein dåp i 1751 som berre inneheld opplysningar om namnet til dåpsbarnet, men ikkje foreldra. Ut frå opplysningane om at ”15de May døbt Sieur Nilsøn Hældal” vil det vera naturleg å registrera ”Nils*” i feltet for førenamnet til faren, og ”Hældal*” i feltet for faren sin bustad. Det vil derimot ikkje vera naturleg å konstruera ”Hældal*” i feltet for bustaden til mora, då dette vil skapa forventningar om fleire opplysningar om mor enn det som faktisk finst i databasen. I slike tilfelle vil konstruksjonar kunna vera meir forvirrande enn til hjelp for brukaren.



Eit anna tilfelle der ein også bør konstruera namn som går fram av samanhengen, er når personar har fleire ulike roller i ei og same handling, og vedkomande sitt fulle namn berre er nemnd éin gong. På illustrasjonen på neste side ser me at barnet vart heimedøypt ”af sin Fader” allereie samme dag som det vart fødd, men faren sitt namn står ikkje nemnd som heimedøypar. I slike tilfelle er det naturleg å konstruera namnet på rolle innehavarar som er førte utan namn når namnet deira er nemnd ein annan stad i same handling. I dømet nedanfor bør ein registrera ”Fader” i feltet *Stilling & stand*, ”Elling*” i feltet *Førenamn*, ”Jacobsen*”

Marte. - Lige før af Mangers Tegn på den 30^{de} Januari, og
all sin Fæder sinuist, det sinuist Dag. Lige før af
Jacobson og Rangel, Jers. Dr. Nøttved, Tøst. Maldorff
Kunde, Ole Anders. Mons. Mons. Marte Grøns. Dr. Brø
Og. Dr. alle fra Nøttved.

"Ditto", "ibid" og andre gjentakingssteikn i kyrkjeboka

”*Ditto*”, ”*ibid*” og tilsvarende som viser til informasjon i tidlegare innførslar på same side, er problematiske når dei vert registrerte i ein database slik dei står, fordi det då ikkje er mogleg å søkja fram denne personen ut frå desse opplysningane. Dersom ”*Ditto*”, ”*ibid*” eller andre gjentakingssteikn er nytta i ein av rubrikkane i kyrkjeboka, skal denne nemninga ikkje registrerast, men erstattast med den opplysninga den refererer til. På den måten vert informasjonen tatt vare på jamvel om innførslane seinare vert sorterte i ei anna rekkjefølgje. I tillegg bør teikn som vil vera problematiske å leita fram under søk erstattast med tekst. Til dømes skal eit kors som markerer at ein person er død, erstattast med teksten *Død*.

I tillegg til dei tilpassingane som er nemnde til no, er det naudsynt med nokre spesialteikn for å markera spesielle tilfelle eller fenomen i kyrkjeboka. Dei spesialteikna som skal brukast i Kyrre, er følgjande:

18

eitt spørsmålsteikn som står aleine markerer at det er spørsmålsteikn også i den originale kyrkjeboka.

- @ Nyttast som skiljeteikn mellom to alternative opplysningar dersom det ikkje er mogleg å avgjera kva for ein av dei to som er den korrekte (t.d. ”*Even@Sven*”).
- % Skal nyttast til å markera at ein tekst er stroken over kyrkjeboka. Eit ord eller ein setning som er stroke over skal markerast med % før og etter det som er stroke over (t.d. ”*Peder Jensen %Hansen%*”). Den gjeldande opplysninga skal registrerast framfor det som er stroke over.
- !! Markerer at denne opplysninga i kyrkjeboka opplagt må vera feil. Skal også nyttast dersom opplysninga manglar i originalkjelda, men berre i felt som normalt vert fylt ut som til dømes namnefelt.
- * Skal nyttast etter opplysningar som er konstruerte av registrator ut frå konteksten. Dersom det til dømes i kyrkjeboka står ”*Gravlagt Peder Olsens Søn Mons*”, kan registrator konstruera farsnamnet Pedersen og markera dette på denne måten ”*Pedersen**”.
- E: Markerer at den følgjande merknaden er laga av registrator og ikkje står i kjelda. Her skal berre opplysningar som er avgjerande for riktig tolking av kjelda registrerast, ikkje tilleggsopplysningar henta frå andre kjelder eller egne kunnskapar om personane. T.d. ”*E: Posten er stroken over i kyrkjeboka*”. Registrator sine egne merknader kan også setjast i klammeparentesar, t.d. slik ”*[Året er uleseleg, men ut frå konteksten forstår me at året må vera 1832]*”. Registrator kan sjølv velja kva for målform han eller ho vil nytta til egne kommentarar.

Teikn som ikkje må nyttast under registrering

Semikolon (;), mindre enn (<) og doble hermeteikn (”) må av datatekniske årsaker ikkje nyttast under registrering. Dei som vil ha ei nærare forklaring på kvifor, kan lesa om dette under overskrifta *Formatalternativ 3: SDV (flat struktur)* i kapittel 6, *Datastruktur*. I eldre


kyrkjebøker vart semikolon ofte nytta i staden for punktum. I slike tilfelle rår me til at ein registrerer punktum i staden for semikolon. Dersom ein treng hermeteikn under registrering, kan enkle hermeteikn (') brukast i staden.

4. Registreringsinstruksar for dei ulike listetypane

4. 1. Felles for alle listene

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Hovudregelen er at namnet på prestegjeldet skal stå først. Deretter skal det markerast om det er ei ministerialbok ("Mini") eller ei klokkebok ("Klok"), og til sist nummeret på kyrkjeboka, t.d. "Nesseby Klok 1" eller "Selbu Mini 695.A01". Ein del kyrkjebøker er nummererte på sokn innanfor kvart prestegjeld. Dette gjeld mellom anna Aust- og Vest-Agder. Ein bør då registrera namnet på soknet, og setja namnet på prestegjeldet i parentes, t.d. "Tovdal (Åmli) Mini A1", slik som i katalogen over kyrkjebøker.



Illustrasjonen ovanfor er henta frå katalogen over kyrkjebøker på mikrofilm som er tilgjengeleg på Internett på Arkivverket sine sider: <http://www.arkivverket.no/arkivverket/kilder/medier/mikrofilm/mikrokort.html> Bruk denne katalogen til å finna korrekt referanse til kyrkjeboka. Skal ein registrera kyrkjeboka som illustrasjonen ovanfor viser til, skal ein registrera "Gol Mini I 6" i feltet *Referanse*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Feltet skal fyllast ut. Dersom ei handling i kyrkjeboka strekkjer seg over to sider i breidda, skal sidetalet oppe til høgre brukast. Dersom den berre går over ei side, skal ein registrera sidetalet øvst på denne sida. Når sidene er folierte, dvs. at sidetalet berre står øvst på den høgre sida, og ikkje på den venstre, og innførsla berre går over ei side, må ein bruka nemningar for a- og b-sider. Den sida sidetalet står på er a-sida skal skrivast t.d. slik ”2a”, medan baksida av dette bladet vert b-sida og skal dermed skrivast ”2b”.

Dersom kyrkjeboka ikkje har eigne sidetal, fører ein på sidetal på kjeldekopien før registreringa tek til. Ei eller fleire sider utan sidetal t.d. mellom side 45 og 46 gir ein sidetala 45.1, 45.2 osv. Dersom sidene i kjelda er nummererte feil t.d. 54, 55, 56, 55, 56, 57 osv., skal sidetala registrerast slik: 54, 55.1, 56.1, 55.2, 56.2, 57 osv.


Løpenummer: Løpenummeret, men berre dersom dette er ført i kyrkjeboka. Dersom løpenummer manglar for ein einskild innførsel eller det står 0, skal dette registrerast som i kyrkjeboka.

År: Året handlinga vart ført i kyrkjeboka, anten det er året den skjedde eller det året presten fekk melding om handlinga. Det som er avgjerande for kva år som skal registrerast, er korleis det er gjort i kyrkjeboka. Året og løpenummera skal samsvara!

I eldre kyrkjebøker følgde året i kyrkjeboka det kyrkjelege året som byrja første søndag i advent, og datering skjedde med utgangspunkt i høgtidene og festane i kyrkjeåret. Det er føremålstenleg å følgja den same inndelinga også i databasen for lett å kunna finna fram i kyrkjeboka. Løpenummer 1 vil normalt vera den første kyrkjelege handlinga etter at kyrkjeåret tok til. Ein skal difor registrera året som det står i kyrkjeboka, jamvel om kyrkjeåret ikkje stemmer overeins med det verdslege året.

I eksemplet på neste side ser me at den første dåpen i kyrkjeåret 1757 skjedde 2. desember, altså i det verdslege året 1756. Ein skal i slike tilfelle

registrera "1757" i feltet *År*. Derimot skal ein i feltet for dåpsdato registrera "0212 1756". Det same gjeld eventuelle andre datofelt som fødselsdato og dato for stadfesting. Les meir om registrering av datoar og datoformat under *Datoar*.



Datoar: Alle datoar skal registrerast på formatet "ddmm" eller "dd.mm". Unntaket frå dette er dei gamle latinske datoane (t.d. "Dom. 3 a Trinitatis"), som skal registrerast som dei står. Dersom den som registrerer ynskjer å konvertera dei latinske datoane til vårt datoformat, skal dette gjerast i tillegg til at ein registrerer dei latinske datoane som dei står. Den konverterte datoen skal setjast i klammeparentes etter dei latinske datoane i same feltet, t.d. "Dom. 3 a Trinitatis [0707]". Av dette les me at tredje søndag etter trinitatis dette året var 7. juli, i følgje den som har registrert materialet.

Mange gonger vart eit barn fødd eit anna år enn det vart døypt, eller ein person døydde i desember eitt år, men vart gravlagd i januar året etter. I slike tilfelle vil året for desse handlingane som oftast vera eit anna enn det som er ført i kyrkjeboka. Ein skal då registrera datoen på formatet "ddmm åååå" eller "dd.mm åååå". Det same gjeld når det verdslege året var eit anna enn kyrkjeåret, når det er det sistnemnde som er ført i kyrkjeboka. Latinske datoar skal i slike tilfelle registrerast som dei står med årstalet etter.

Sokn/kyrkje: I dette feltet skal ein registrera namnet på soknet eller kyrkja der handlinga gjekk føre seg eller vart ført i kyrkjeboka. Dette er som oftast det same soknet som hovudpersonane i handlinga sokna til, men ikkje alltid. Til dømes reiste mange bort når dei gifta seg, eller dei fekk barnet døypt i eit anna sokn enn det dei høyrde heime i. Opplysningar i dette feltet skal berre registrerast dersom denne informasjonen er gjeve for denne handlinga i kyrkjeboka, eller dersom kyrkjeboka dekkjer berre eitt av sokna i prestegjeldet. Feltet skal ikkje nyttast dersom opplysningar om sokn ikkje er gjeve eksplisitt, jamvel om den som registrerer kjenner til kva sokn eller kyrkje handlinga gjekk føre seg i eller kva for sokn personane høyrde til.

Merknader: Alle merknader, anten det er merknader frå merknadsrubrikken i kyrkjeboka, merknader som står andre stader på sida, eller registrator sine egne merknader, skal registrerast i dette feltet. Unntak frå dette vert kommenterte under kvar listetype nedanfor. Registrator sine egne merknader skal setjast i klammeparentesar, eller markerast med "E: " framom. Meir om dette under *Spesialteikn til bruk under registreringa* i kapittel 3.

Personnivå

Roller: Nemninga fortel kva rolle eller funksjon kvar person hadde i handlinga. Det er berre dei rollenemningane som er lista opp under kvar listetype som skal nyttast.

Rollene skal ikkje registrerast i eit eige felt, verken i dei programma der Kyrre er implementert eller dersom ein registrerer i andre program. I registreringsprogramma der Kyrre er implementert, vil rollenemninga vera bygd inn i programmet. Ved registrering i Excel, Access, dBase eller andre program, skal rolla til kvar einskild person markerast i feltoverskriftene, ikkje som eit eige felt. Det er først når dataa vert lagra i den underliggjande strukturen i Kyrre og lagt ut i Digitalarkivet, at rollene vert plasserte i eigne felt.

Nokre roller er valfrie å registrera. Rollenemninga på desse er markerte med *.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og eventuelle mellomnamn registrerast. Farsnamn, slektsnamn og etternamn skal registrerast i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Det er ikkje alltid like enkelt å avgjera om eit gardsnamn eller namn på ein plass er brukt som etternamn eller som bustad. I Kyrre er hovudregelen at innhaldet i ein rubrikk vert avgjort av rubrikkoverskrifta i kyrkjeboka. Farsnamn, slektsnamn og gardsnamn i namnerubrikken i kyrkjeboka skal difor registrerast i etternamnsfeltet. Dersom gardsnamnet derimot er ført i ein rubrikk med overskrift *bopæl*, *bustad*, *oppholdssted* eller tilsvarande, skal det registrerast i feltet *Bustad* i databasen. Står det "*Lars Olsen Øfsthuus*" i rubrikken *Konfirmantens fulde Navn (Ogsaa etternavn)*, skal altså "*Olsen Øfsthuus*" registrerast i feltet *Etternamn*. Står det derimot "*Gmd. Ole Ellingsen Øvsthuus*" i rubrikken *Fars fulde Navn, borgerlige stilling (Næringsvei) og Bopæl*, skal "*Gmd*" registrerast i feltet *Stilling & Stand* på rolle far, "*Ole*" i feltet *Førenamn*, "*Ellingsen*" i feltet *Etternamn* og "*Øfsthuus*" i feltet *Bustad*. Adresser skal derimot alltid registrerast i bustadfeltet. Andre unntak frå hovudregelen er kommenterte i feltoppsettet for dei ulike listetypane nedanfor.

I kyrkjebøker som er eldre enn dei trykte skjemaa, er hovudregelen at gardsnamnet skal registrerast i bustadfeltet dersom namnet viser til ein gard, bruk eller ein plass i prestegjeldet, dersom det ikkje kjem klart fram at vedkomande ikkje budde der. T.d. i tilfellet "*Ole Pedersen Bøe*" skal "*Ole*" registrerast i førenamnsfeltet, "*Pedersen*" i etternamnsfeltet og "*Bøe*" i bustadfeltet. Dersom det derimot er ført "*Ole Pedersen Bøe, boer fortiiden paa Nes*", bør "*Ole*" registrerast som førenamn, "*Pedersen Bøe*" i etternamnsfeltet og "*fortiiden paa Næs*" i bustadfeltet. Les meir under *Bustad*.

Alle patronym/farsnamn bør registrerast som dei er førte i kyrkjeboka og ikkje avkortast. Sen-namn (Olsøn, Olsen, Olson etc.) skal registrerast slik dei er førte i kyrkjeboka.

Bustad: Sjø under *etternamn* ovanfor. I nokre tilfelle er det ført andre opplysningar enn eit gardsnamn eller ei adresse som fortel om kvar vedkomande budde, t.d. ”*I Huus paa Bøe*”, ”*Opholder sig i Bergen hos sin Broder*”, ”*For Tiden i Bergen*”. I dei tilfella der denne informasjonen er meiningsberande skal den registrerast.

Kjønn: Opplysningar om kjønn treng berre registrerast for dei personane der dette ikkje følgjer av rollenemninga. Marker hankjønn med ”*m*” og hokjønn som ”*k*”. Kva kjønn personen hadde kan for det første avgjerast ut frå førenamnet. Ver merksam på at ein del namn som t.d. Helge, Tore og Inge kunne brukast både som manns- og kvinnenamn. Derneft er det mogleg å fastsetja kjønn til vedkomande ut frå farsnamnet. Dersom det sluttar på ”*datter*”, ”*dtr*” eller tilsvarande, er vedkomande ei jente, medan eit farsnamn som sluttar på ”*sen*” eller ”*son*” eller tilsvarande mest sannsynleg er ein gut. Ver merksam på at patronym brukt som etternamn vart vanlegare og vanlegare utover på 1800-talet, særleg i byane. I slike tilfelle hadde foreldre og born av begge kjønn same patronym som etternamn. Det same vart seinare vanleg også på landsbygda. Til sist er det ofte mogleg å fastsetja kjønn på ein person utifrå kva stilling eller stand dei hadde. Til dømes vil ei ”*pige*”, ”*kone*” eller ”*butikjomfru*” vera ei kvinne, medan ein ”*tjenestekarl*”, ”*ungkarl*” eller ”*Gesel*” vil vera ein mann.

Dersom det ikkje er råd å avgjera kva kjønn ein person hadde, skal dette markerast med to spørsmålsteikn (”??”). Dersom kjønn på personen er tydeleg feil i kyrkjeboka, skal dette registrerast med to utropsteikn bak (”!!”). Meir om dette under *Spesialteikn til bruk under registreringa*.

Datoar: Sjø under datoar på handlingsnivået.

Alder: Skal berre registrerast dersom det er ført i kyrkjeboka. Den som registrerer skal ikkje rekna ut alderen til vedkomande ut frå fødselsåret. Opplysningane i dette feltet bør registrerast kjeldetru, evt. kan månader avkortast til ”m.”, veker (uker) til ”u.”, dagar til ”d.”, og timar til ”t.”. ”25 aar” kan avkortast til berre ”25”. Alderen til vedkomande skal ikkje reknast om til desimalar eller brøk, men registrerast slik det er ført i kyrkjeboka.

4.2. Fødde og døypte

Ordet *dåp* viser i denne samanhengen til den kyrkjelege handlinga der eit menneske vert tatt opp i det kristne kyrkjesamfunnet. Dåpsseremonien gjekk tidlegare ut på at barnet skulle dykkast ned i vatn, men frå og med seinmellomalderen er det nok at ein ausar vatn over barnet sitt hovud. I mange land, mellom anna Noreg, inneheld dåpsritualet også eit spørsmål om barnet sitt namn, og slik er også dåpen ei offentleggjering og stadfesting av namnet til barnet.

Dåp er i den protestantiske trua det første og grunnleggjande sakramentet og var lenge obligatorisk i Noreg. I ei forordning i 1646 vart det bestemt at alle born skulle døypast innan dei var åtte dagar gamle, i byane innan dei var fire dagar. Denne korte fristen førte til at det vart svært vanleg å døypa born andre stader enn i kyrkja, og også andre personar enn geistlege hadde løyve til å utføra dåpen. Heimedåp vart gjerne nytta dersom barnet var sjukt, svakt eller av andre grunnar ikkje kunne døypast av ein prest innan kort tid. Vart barnet døypt utanfor kyrkja av verdslege personar, skulle dåpen seinare stadfestast i kyrkja dersom barnet levde opp.

Etter ei forordning i 1745 skulle misbruk av heimedåp verta påtala, men allereie i 1771 vart heimedåp igjen tillate som ”naudrett”. Foreldra skulle no kunna avgjera om heimedåp var naudsynt. Det vart ikkje sett noko frist for stadfesting av dåpen i kyrkja, og mange stader kunne det difor gå fleire år før stadfestinga skjedde. Ved reskript 22. juni 1814 vart dette innskjerpa. Frå no av skulle dåpen eller stadfestinga av denne skje innan barnet var ni månader gammalt.

Kvart dåpsbarn skulle ha minst to fadrar i tillegg til foreldra. Fadrane skulle vera vitne og sjå til at dåpen vart utført på rett måte, gjera sitt til at barnet vart oppseda i den kristne trua, og dei skulle også be for barnet. I 1549 kom eit kongebrev om at det ikkje var lov å ha fleire enn tre eller fire fadrar til kvart barn, og ved eit reskript i 1740 vart det bestemt at kvart barn ikkje skulle ha fleire enn fem fadrar. I kyrkjebøkene ser me at det var vanleg at dåpsbarna hadde fire eller fem fadrar. Mange stader i landet var det skikk at dåpsbarnet fekk tre mannlege og to kvinnelege fadrar om det var ein gut, medan ei jente gjerne hadde to mannlege og tre kvinnelege fadrar.

Lister over døypte er med i kyrkjebøkene heilt frå byrjinga, men fram til slutten av 1700-talet er opplysningane ofte sparsame. Fødselsdatoen til dåpsbarnet manglar i mange tilfelle, og det er gjerne berre ved såkalla ”uekte” born, dvs. born som var fødte utanfor ekteskap, at mora sitt namn er tatt med. Eventuelle lister over introduserte kvinner har ofte med namn på kvinnene som vart introduserte, og kan såleis fylla ut manglande informasjon i listene over døypte. Les meir i feltoversikta for *Introduserte kvinner*.

Merknader til registreringa

I skjemaet for døypte frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevn-førelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av døypte i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050415990088.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050419030006.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051102060222.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året dåpen vart ført i kyrkjeboka. Dette er oftast datoen for dåpen, eller datoen for ei eventuell stadfesting. Dersom barnet vart døypt i eit anna prestegjeld enn det hørde heime i, vart dåpen gjerne ført først når presten hadde motteke attest frå den presten som hadde døypt barnet. Jamvel om dåpen og ei eventuell stadfesting vart gjort eit anna år, er det året presten har ført dåpen i kyrkjeboka som skal registrerast i dette feltet. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dåpsdato: Datoen barnet vart døypt, anten det var heime eller i kyrkja. Dersom barnet vart heimedøypt, er det altså denne datoen som skal registrerast i dette feltet, medan datoen for stadfestinga skal registrerast i feltet *Stadfesta*. I skjemaa for 1812 og 1820 er det ofte berre ført éin dato også for heimedøypte born. Dersom det ikkje er uttrykt eksplisitt at datoen gjeld stadfestinga i kyrkja, skal den datoen som er nemnd registrerast i feltet i dette feltet (*Dåpsdato*). Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

- Stadfesta: Datoen ein eventuell heimedåp vart stadfesta av presten i kyrkja. Dersom det i staden for dato står t.d. ”*Død før hjemmedaabens stadfestelse*”, skal denne opplysninga registrerast i dette feltet. Les meir om datoar under *Felles for alle listene*.
- Dåpsstad: I skjemaet frå 1812 er det ein rubrikk med overskrifta *Daabsdatum enten i Kirken eller hjemme*. I tillegg til dåpsdatoen noterte presten gjerne om borna vart døypte i kyrkja eller heime. Opplysningar om kvar barnet var døypt skal registrerast i dette feltet, medan dåpsdatoen skal registrerast i feltet *Dåpsdato*. Feltet *dåpsstad* feltet skal berre nyttast til opplysningar i denne rubrikken i kyrkjebøkene med skjemaet frå 1812, og eventuelt til tilsvarende opplysningar i kyrkjebøker frå tida før ein fekk trykte skjema. Feltet skal altså ikkje brukast for å markera om barnet var heimedøpt eller ikkje. Opplysningane skal registrerast som dei står, og ikkje avkortast på nokon måte.
- Introduksjon: Alle opplysningar (dato, namnet på mora etc.) som gjeld introduksjonen av mor til barnet. I dåpslistene i kyrkjebøkene med trykte skjema, er dette ikkje ein eigen rubrikk. Feltet er difor mest aktuelt for kyrkjebøkene som er eldre enn dei trykte skjemaa.
- Melding*: Feltet skal berre brukast for opplysningar i rubrikken *Ved uægte Børn, af hvem Opgaven er skeet, enten Barnemoderen eller hvilket bekjendt og troværdigt Medlem af Menigheden* i skjemaet frå 1820. Namnet på den som melde om dette kan i tillegg trekkjast ut og registrerast som eigen person og rolle (*dåpsmeldar*).
- Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der barnet vart døypt eller dåpen stadfesta. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Merknader: Alle merknader. Også opplysningar som at barnet er tvilling, trilling etc. skal registrerast i dette feltet.

Nokre gongar vart eit barn døypt i ei kyrkje som ikkje hørde til prestegjeldet, medan dåpen seinare vart innført i kyrkjeboka for det soknet barnet hørde heime i. I kyrkjeboka for Hosanger får me t.d. vita at Anders vart døypt ”*af Hr Mejer i Sæbøe Kirke*”, som ligg i Manger prestegjeld. I tillegg er ”*Seimb*” som er eit sokn i Hosanger prestegjeld ført som sokn. I

slike tilfelle skal ”*Seimb*” registrerast i feltet *Sokn/kyrkje* medan ”*af Hr Mejer i Sæbøe Kirke*” skal registrerast i merknadsfeltet.

I skjemaet frå 1877 er overskrifta på rubrikken *Anmærkninger* (saasom: a) i *Tilfælde af Hjemmedaab, hvem der har forrettet samme, med Tilføielse af to Daabvidners Navne*, og b) *ved uægtefødte Børn Anmelderens Navn m.V.*). Opplysningane her skal registrerast i dette feltet, men kan i tillegg skiljast ut som eigne personar med kvar si rolle (*heimedøypar*, *dåpsvitne*, og *dåpsmeldar*). Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Barn, far, mor, fadder* (inntil åtte), heimedøypar*, dåpsvitne* (inntil tre), og dåpsmeldar*. Rollene skal ikkje registrerast, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	--

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I tillegg skal gardsnamnet i namnerubrikken registrerast i dette feltet dersom dette er nytta som etternamn. Det som skal avgjera om gardsnamnet er brukt som etternamn eller bustad, er namnet på rubrikken i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Skal brukast for barnet og eventuelt for fadrane, heimedøypar og dåpsvitner. Feltet skal ikkje nyttast for far og mor til barnet, då dette følgjer naturleg av rollenemninga. Les meir om kjønn under *Felles for alle listene*.

Bustad: Namnet på staden vedkomande budde. Dersom bustaden berre er nemnt for den eine av foreldra, men det er sannsynleg at dei budde same stad, bør bustaden konstruerast også for den andre forelderen. Bruk gjerne etterfølgjande stjerne for å markera at opplysninga er konstruert. Les meir under *Felles for alle listene* og *Spesialteikn til bruk under registreringa*.

Fødestad: Skal registrerast som i kyrkjeboka. Står det t.d. ”*Opgivet at være fra Sverige*” eller tilsvarende opplysningar, skal dette registrerast som det står.

Står det berre ”født i Sverige” eller tilsvarande, kan ein registrera ”Sverige” i dette feltet, då dette ikkje fører til tap av informasjon.

Fødselsdato: Fødselsdatoen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Skal registrerast for dåpsbarnet dersom det avvik frå det som er registrert i feltet *År*. Dette feltet skal også brukast for dei andre personane i handlinga dersom opplysningar om fødselsår er ført. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.

Alder: Alder på personen. Les meir under *Felles for alle listene*.

Ekte/uekte: Om barnet var fødd i eller utanfor ekteskap. Bruk ”u” for uektefødde og ”e” for ektefødde.

Vigd: Foreldra sitt vigdelsår. Dette er ikkje ein eigen rubrikk i kyrkjeboka, men opplysningar om dette er ofte ført i andre rubrikkar som t.d. *Ekte eller uekte født* eller i merknadsrubrikken. Opplysningar om foreldra sitt vigdelsår bør registrerast i dette feltet.

4.3. Konfirmerte

Den kristelege konfirmasjonen som stadfestar dåpslovnaden vart gjort obligatorisk i Noreg etter Kongeleg forordning av 13. januar 1736. Konfirmasjonsordninga stilte krav til ungdomar som gjekk og "las for presten" om at dei hadde eit minstemål av kristendomskunnskap.

Normalt skulle ein konfirmerast kring 15 års alder, men stor variasjon i konfirmasjonsalder gjorde at det var naudsynt å regulera dette. I 1759 vart det difor bestemt at alle skulle vera konfirmerte innan dei fylte 19 år, medan ingen skulle utan særskilt løyve kunna konfirmerast før dei fylte 14 år. Kyrkjeleg konfirmasjon var obligatorisk i Noreg heilt fram til 1912.

Det er ikkje ofte det finst konfirmasjonslister i kyrkjebøkene så langt attende som til 1736. Først i andre halvdel av 1700-talet er lister over konfirmentar vanlege i kyrkjebøkene. Dei eldste listene over konfirmentar inneheld få opplysningar, gjerne berre dato for konfirmasjonen og konfirmenten sitt namn. I 1812 kom trykte skjema for føring av konfirmentar, og frå då av skulle prestane i tillegg føra mellom anna opplysningar om "*Kundskab og Opførsel*" for konfirmenten og namnet på foreldra.

Merknader til registreringa

I skjemaet for konfirmerte frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevnførelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av konfirmerte i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050826040800.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050829010755.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051102060354.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom det er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året som er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

- Dato: Dato for konfirmasjonen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der konfirmasjonen gjekk føre seg eller vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Merknader: Alle merknader. I skjemaet frå 1877 skulle ”*Konfirmantens Kristendomskundskam m.V.*”førast i merknadsrubrikken. Slike opplysningar skal skiljast ut frå merknadsrubrikken og i staden registrerast i feltet *Karakter* på personnivået.

Personnivå

Roller:	Konfirmant, far, mor. Rollene skal ikkje registrerast, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	--

- Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling. Desse opplysningane er berre unntaksvis ført for konfirmanten (t.d. ”*tjenestepike*”), men er vanlege for foreldra.
- Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og mellomnamnet registrerast. Andre namn skal registrerast i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.
- Etternamn: Farsnamn, slektsnamn og gardsnamnet, dersom dette er brukt som etternamn. Dersom gardsnamnet er brukt for å opplysa om bustad, skal det registrerast i feltet *Bustad*. Det som avgjer dette, er tittelen på rubrikken i kyrkjeboka. Står det ”*Lars Olsen Øfsthuis*” i feltet *Konfirmantens fulde Navn (Ogsaa etternavn)*, skal ”*Olsen Øfsthuis*” registrerast i feltet *Etternamn*. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Kjønn: Skal brukast for konfirmanten, men ikkje for far og mor då dette følgjer naturleg av rollenemninga. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Bustad: Namnet på staden vedkomande budde. Sjå også *Etternamn* ovanfor. Dersom bustaden berre er nemnt for den eine av foreldra, bør det konstruerast også for den andre forelderen med etterfølgjande stjerne. Les meir under *Felles for alle listene* og under *Spesialteikn til bruk under registreringa*.
- Fødestad: Fødestaden dersom den er ført i kyrkjeboka. I skjemaa frå 1820 og 1877 er det eigne rubrikkar der fødestaden til konfirmanten skulle førast.

- Fødselsdato: Fødselsdato. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Fødselsår: Fødselsåret dersom det er ført i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.
- Alder: Alder til vedkomande dersom det er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Døyp: Dato, år og eventuell stad for dåpen til konfirmanten. Opplysningar om dette skal vera ført i rubrikken *Døbt (Aar, Maaned og Dag)* i skjemaet frå 1877, og evt. i rubrikken *Confirmandens Alder efter Dag og Datum, udviist ved Døbe-Attest* i skjemaet frå 1812. Opplysningar om dåp i t.d. merknadsrubrikken bør også registrerast her. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Karakter: Alle opplysningar om konfirmanten sin kunnskap og flid. Opplysningar om dette finst i rubrikken *Dom angaaende Kundskab og Opførsel* i skjemaet frå 1812 og i rubrikken *Christendoms Kundskab og Flid m.v.* i skjemaet frå 1820. I skjemaet frå 1877 er opplysningar om kunnskap og flid ført i rubrikken *Anmærkninger*, men desse opplysningane skal skiljast ut og registrerast i feltet *Karakter*.
- Vaksinasjon:.* Frå og med skjemaet frå 1812 er det ein eigen rubrikk i kyrkjeboka der presten skulle føra opplysningar om vaksinasjonen. I skjemaet frå 1812 er denne rubrikken kalla *Naar og af hvem vaccineret*, i skjemaet frå 1820 heiter rubrikken *Naar havt de naturlige Kopper eller vaccineret. Attest derom* og i skjemaet frå 1877 er rubrikken kalla *Om havt de naturlige Kopper eller vaccineret. Attest herom*. Alle opplysningar frå desse rubrikkane skal registrerast i dette feltet.

4.4. Vigde (inkludert trulova og lysingar)

Omgrepet *vigde* vert her brukt om dei personane som gifta seg og der vigselen er ført i kyrkjebøkene. I dei aller fleste tilfella gjeld dette kyrkjeleg vigsel mellom to personar av ulikt kjønn. Frå 1860 har det i tillegg vore mogleg å inngå borgarleg ekteskap, og i periodar skulle også desse vigslane førast i kyrkjebøkene. Frå 1993 har personar av same kjønn kunna inngå partnerskap, men dette vert ikkje ført i kyrkjebøkene. Feltoppsettet nedanfor er ikkje lagt til rette for registrering av vigslar frå andre kjelder enn kyrkjebøkene.

Fram til 1589, då Fredrik 2. sin danske ekteskapsordinans frå 1582 vart gjort gjeldande også i Noreg, var trulovinga eller festarmålet den eigentlege ekteskapsstiftande handlinga. Trulovinga var eit ekteskapsløfte som vart gjeve framfor ein prest, og som oftast fleire vitne (*”forlovere”* eller *”cautionister”*). Dette vart rekna som ei bindande avtale om å gifta seg. I dei eldste kyrkjebøkene har difor trulovinga ein sentral plass, og ofte vart berre datoen for trulovinga ført. Offentleg truloving var påbode fram til 1799.

Trulovarane er i vårt hundreår normalt ein mann og ei kvinne, men tidlegare var dei alltid menn. Deira oppgåve var å stadfesta at dei som skulle gifta seg ikkje var i nær slekt, at dei ikkje var vigde frå før, og at det ikkje var andre grunnar til hinder for at dei kunne gifta seg. Fram til 1800 var det forbode å gifta seg med sin eigen tremenning eller nærare slektningar (unntaka var åra 1770-75). Frå og med 1800 vart krava lempa på, og ein kunne frå no av gifta seg med både tremenningar og søskenbarn. Det var likevel framleis forbode å gifta seg med steforeldre, svigerforeldre eller deira avkom i direkte nedstigande linje. For å gifta seg med enka etter broren, farbroren eller morbror, eller enkemannen etter søstera, farsøstera eller morsøstera, måtte ein ha løyve frå kongen. Eit slikt kongeleg løyve var også påbode ved omgifte etter skilsmål, eller dersom dei ynskte å gifta seg andre stader enn i kyrkja.

Det skulle lysast for ekteskapet tre gudstenester før vigselen. Dette skulle gjerast for at andre personar i kyrkjelyden skulle ha høve til å koma med innvendingar mot giftarmålet. Lysinga var også viktig for at ekteskapet skulle gjerast kjent i bygda. Lysinga vart normalt halden i kyrkja brura sokna til, og det var også der det var vanlegast at brureparet vart vigde.

Lister over vigde skulle førast i kyrkjebøkene heilt frå byrjinga av. Som for dei fleste andre listetypane har også opplysningane om dei vigde vorte meir og meir omfattande og nøyaktige.

På 1600- og 1700-talet var det stort sett berre datoen for trulovinga, namna og sivilstanden til dei som skulle gifta seg, og namna på trulovarane som vart førte. Skjemaet frå 1812 var nokså enkelt, men opplysningar om stillingane og alderen til dei to som gifta seg, skulle vera med. 1820-skjemaet var meir omfattande, og frå no av skulle også namnet på fedrane førast. 1877-skjemaet medførte små endringar, og førte i all hovudsak vidare 1820-skjemaet.

Merknader til registreringa

I skjemaet for vigde frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevn-førelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av vigde i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050415990230.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050420010408.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050705010210.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året vigselen eller trulovinga vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listetypene*.

Trulova dato: Datoen brureparet vart trulova. Denne datoen er som oftast tatt med i dei eldste kyrkjebøkene, men det er ikkje ein eigen rubrikk for trulovingsdato nokon av dei trykte skjemaa. Dato for trulovinga skal alltid førast i dette feltet dersom det er med opplysningar om dette i kyrkjeboka. Les meir om datoformat under *Felles for alle listene*.

Vigd dato: Datoen for vigselen. Les meir om datoformat under *Felles for alle listene*.

Lysing*: Dato for alle lysingane eller opplysningar om eventuell dispensasjon frå same, skal registrerast i dette feltet. Bruk komma som skiljeteikn mellom datoar, t.d. ”28.07, 04.08, 11.08”. Året lysingane skjedde skal berre registrerast dersom lysingsåret avvik frå opplysningane i feltet *År*.

I skjemaet frå 1820 finst opplysningane som skal registrerast i dette feltet i rubrikkane *Tillysningsdagene* og *Hvis Tillysning ei har fundet sted (...)*. I skjemaet frå 1877 er desse rubrikkane slått saman under namnet *”Tillysningsdagene eller, saafremt Tillysning ei har fundet sted, efter hvilken Bevilling”*. Dersom ein ynskjer å registrera lysingsforlangar, skal vedkomande registrerast som eiga rolle (*lysingsforlangar*). Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Vigselstad: I skjemaet frå 1812 er ein eigen rubrikk for *Om forrettet i Kirken eller hjemme, og i sidste Tilfælde Bevillingens Datum*. Dette feltet skal berre nyttast til opplysningar frå denne rubrikken i kyrkjebøkene med dette skjemaet, og eventuelt til tilsvarande opplysningar i kyrkjebøker utan trykte skjema.

Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der vigselen vart halden eller ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Brudgom, brur, brudgommens far, bruras far, trulovarar* og lysingsforlangar*. Rollene skal ikkje registrerast, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
----------------	--

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I tillegg skal gardsnamnet registrerast i dette feltet dersom dette er nytta som etternamn. Les meir om registrering av namn under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Skal registrerast for trulovarane og på lysingsforlangar. Feltet skal ikkje nyttast for brureparet eller på fedrane, då dette følgjer av rollenemningane. Les meir under *Felles for alle listene*.

Bustad: Opplysningar om bustad for brudgommen skulle førast i namnerubrikken i skjemaet frå 1812, medan bustad for brura ikkje skulle førast. Likevel har prestane som oftast ført både førenamn, farsnamn og gardsnamn i denne

rubrikken for dei begge. Dersom brura er ført med gardsnamn, bør dette difor registrerast i feltet *Bustad* også for henne, slik som for brudgommen. Dette gjeld berre kyrkjebøkene på skjemaet frå 1812. I skjemaet for 1820 og 1877 skal eventuelle gardsnamn i namnerubrikken registrerast i feltet *Etternamn*. Bustad for brudgommen vart førte i rubrikken *Brudgommens Føde- og Opholdssted*. *Brudens Fødested* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Brudgommens borgerlige stilling (Næringsvei)* og *Bopæl* i skjemaet frå 1877. Bustad for brura skulle derimot ikkje førast, og feltet skal stå tomt dersom ikkje bustaden hennar er nemnd eksplisitt.

- Fødselsdato:** Fødselsdatoen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Fødselsår:** Fødselsåret. Feltet skal berre fyllast ut om det er oppgitt i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.
- Alder:** Alderen. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Fødestad:** Fødestaden til brur og brudgom. Opplysningar om dette skulle førast frå og med skjemaet frå 1820.
- Konfirmert*:** Konfirmasjonsdato og –stad for brur og brudgom. Eventuelle opplysningar om dette skal i skjemaet frå 1877 vera førte i rubrikken under *a) Naar og hvor konfirmeret saafremt Konfirmationen er foregaaet uden for Sognet*.
- Altergang*:** Altergang og staden for altergangen. Eventuelle opplysningar om dette skal i skjemaet frå 1877 vera ført i rubrikk nr. 8 under *b) hvor sidst gaaet til Alters*.
- Vaksinasjon*:** Opplysningane i rubrikken *Naar havt de naturlige Kopper eller vaccinerede. Attest derom* i skjemaet frå 1820 skal registrerast i dette feltet. Opplysningar om vaksinasjon i skjemaet frå 1877 skulle førast i merknadsrubrikken, men skal registrerast i dette feltet.
- Legitimasjon*:** Opplysningar frå rubrikken *Hvis Brudgommen er Embedsmann (...)* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Legitimation for Indskud i Enkekassen (...)* kan registrerast i dette feltet.
- Tidlegare gifte*:** Opplysningar frå rubrikken *Om Nogen av dem har været gift før (...)* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Hvis nogen af Brudefolkene har været gift (...)* i skjemaet frå 1877 skal registrerast i dette feltet. Sjå til at opplysningane i denne rubrikken vert registrerte på rett person (rolle) i databasen.

Ekteskapsnr.: Opplysningane frå rubrikken *Hvilket Gifte (1ste, 2det, 3die osv.)* i skjemaet frå 1877 skal registrerast i dette feltet. Ein skal ikkje konstruera noko tal i dette feltet utifrå opplysningar ein har frå andre kjelder.

4.5. Døde og gravlagde

Gravlegging vert her brukt om den seremonien som vart utført når eit lik vart endeleg plassert, anten det vart grove ned i jorda eller plassert andre stader, avhengig av kulturen, tradisjonen og reglane i samtida. Kristendommen overtok gravlegging i holer frå jødedommen, men seinare har gravlegging i jorda vorte det vanlege. Då det var viktig å få liket i jorda nokså raskt for å minska faren for smitte, var ikkje alltid presten til stades ved sjølve gravlegginga. Jordfestinga, då presten kasta jord på kista, vart difor den sentrale religiøse seremonien. Denne kunne gjerne finna stad lenge etter at personen var gravlagd.

Sidan kristendommen kom til landet, har det vanlege vore at ein vart gravlagd i vigsla jord, som normalt var gravplassen kring kyrkja. Ein del personar som hadde hatt viktige posisjonar i samfunnet, eller som kunne betala for det, kunne verta gravlagde under golvet i kyrkja, i egne gravkapell eller i ei krypt i kyrkja. Denne forma for gravlegging har vore forbode i Noreg sidan 1805. I den andre enden av skalaen finn me dei som vart dømde til døden eller som tok sitt eige liv utan å vera erklærte "sjuke på sinnet". Desse skulle gravleggjast utanfor kyrkjegarden og utan religiøs seremoni. Med Kriminallova av 1842 vart forbodet mot å gravleggja den sjølvdrepane i vigsla jord fjerna, medan forbodet mot å halda gravferdsaseremoni først vart fjerna med Straffelova av 1902.

Eit alternativ til vanleg gravlegging av lik, er kremering. Dette skal i følgje lov av 3. mai 1913 gjerast i krematorium som er godkjende av kongen. Oskar skal samlast i ei urne og setjast ned i ei grav på ein kyrkjegard eller i ein godkjend urnehall. Sidan 1997 har det etter innvilga søknad også vore tillate å spreia oskar etter avdøde.

Dissentarar eller personar utanfor statskyrkja kan få ei gravferd der prestane medverkar på vanleg måte, om dette er ynskjeleg. I slike tilfelle vil ein finna desse personane innførte i kyrkjeboka på vanleg måte, med merknad om at dei står utanfor statskyrkja. Dissentarsamfunn kan etter søknad også få oppretta egne kyrkjegardar, og seremonien vert utført innan dette samfunnet. Ein kan då ikkje venta å finna innførsel om dette i kyrkjebøkene.

Lister over døde og gravlagde skulle førast i kyrkjebøkene heilt frå byrjinga. Tidlegare var det den religiøse seremonien, altså gravlegginga eller jordfestinga som var det sentrale og som skulle førast. Det er difor sjeldan at me finn dato for dødsfallet i dei eldste kyrkjebøkene.

Mange gongar ser me også at det stort sett berre er dei presten har fått betaling for å gravleggja eller jordfesta, som er førte i kyrkjeboka. Listene over gravlagde er i mange tilfelle svært mangelfulle til eit godt stykke ut på 1800-talet.

Merknader til registreringa

Dødfødde skal registrerast blant dei døde dersom dei er førte blant dei døde, slik som i kyrkjebøkene med skjema frå 1812. I kyrkjebøkene med skjema frå 1820, der dødfødde skulleførast i eit eige skjema til høgre på same sida som dei døde, har ein del prestar tatt dei dødfødde med i nummerrekkefølgja blant dei døde. Dei dødfødde bør då registrerast blant dei døde dersom dei er inkorporerte i nummerrekkefølgja blant dei døde. Med reskriptet frå 1877 kom eigen bolk for dei dødfødde i kyrkjeboka. Les meir om registrering av dødfødde under kapittel 4.6 *Dødfødde*.

Rollene *far* og *mor* skal berre brukast for dei dødfødde. For fedrar eller ektemenn til døde skal rolla *pårørande* nyttast.

I skjemaet for døde frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevn-førelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av døde og gravlagde i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050415990180.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050420010452.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051102060456.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året dødsfallet vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Gravferdsdato: Datoen vedkomande vart gravlagd. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

- Jordfesta dato: Datoen vedkomande vart jordfesta, eller dato for likpreiken ("Ligprædiken"). Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Meldar: Opplysningar i rubrikken *Naar og af hvem Angivelsen er skeet* i skjemaet for dødfødde skal registrerast i dette feltet dersom dei dødfødde er nummererte blant dei døde/gravlagde. Dette gjeld skjemaet frå 1820. Namnet på meldaren kan i tillegg skiljast ut som eiga rolle (*meldar*).
- Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der vedkomande vart gravlagd eller der gravlegginga vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Avdød, pårørende, meldar*. For dødfødde skal rollene far og mor brukast i staden for pårørende. Rollene skal ikkje registrerast som eigne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

- Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling. Om dødfødde er førte inn i nummerrekka blant døde, og såleis skal registrerast i same database, skal "Dødfødt*", "Dødfødt pikebarn" eller liknande (som det er skrive i kyrkjeboka) registrerast i dette feltet.
- Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.
- Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I tillegg skal gardsnamnet registrerast i dette feltet dersom dette er nytta som etternamn. Les meir om registrering av namn under *Felles for alle listene*.
- Kjønn: Skal fyllast ut. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Bustad: Namnet på staden vedkomande budde. I skjemaet frå 1812 skal opplysning om dette for den avdøde vera å finna i rubrikken *Stand, haandtering og Opholdsted*, i skjemaet frå 1820 i rubrikken *Opholdsted*, medan rubrikken i skjemaet frå 1877 er kalla *Bopæl*. Gardsnamn til pårørende som er førte i rubrikken *Ved gifte Koner: Mandens, ved Børn: Faderens Navn og Stilling* skal registrerast i etternamnsfeltet. Gardsnamnet til dei pårørende i

kyrkjebøker frå før skjemaa vart tatt i bruk, skal derimot registrerast i dette feltet dersom gardsnamnet viser til ein gard, eit bruk eller ein plass i prestegjeldet. Les meir under *Felles for alle listene*.

Fødestad: Opplysningar om fødestad er berre med som eigen rubrikk i skjemaet frå 1877. Det hender at fødestad er ført i ein av dei andre rubrikkane i eit tidlegare skjema. I desse tilfella bør det skiljast ut og plasserast i dette feltet.

Fødselsdato: Opplysningar om fødselsdato skulle ikkje førast i skjemaa frå 1812 og 1820, men skal registrerast i dette feltet om presten likevel har tatt det med. I skjemaet frå 1820 er det eigen rubrikk for *Den opgivne Fødsels-Datum* for dødfødde. Opplysningar i denne rubrikken skal registrerast i dette feltet, og ikkje i feltet *Dødsdato*. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Fødselsåret. Skal berre fyllast ut dersom det er ført i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.

Alder: Alderen. Les meir under *Felles for alle listene*.

Død dato: Datoen vedkomande døydde. Det hender at dødsdatoen også er nemnd for dei pårørande. Les meir om datoformat under *Felles for alle listene*.

Dødsår: Skal registrerast dersom det avvik frå det som er registrert i feltet *År*, altså føringsåret. Feltet kan elles stå tomt.

Dødsårsak: Rubrikk for opplysningar om årsak til dødsfallet manglar i skjemaet frå 1812, men er med i skjemaet frå 1820 og 1877. I skjemaet frå 1820 er rubrikken kalla *Om død af smitsom Sygdom, og da hvilken, eller ved ulykkelig hendelse*. I skjemaet frå 1877 er rubrikken kalla *Opgiven dødsårsak*.

Lækjar*: Opplysningar om lækjar var tilkalla eller ikkje. Denne rubrikken er med i skjemaet frå 1877 og oftast står det berre ”ja” eller ”nei”.

Meld*: Om dødsfallet var meld til lensmannen eller skifteretten. Denne rubrikken er med i skjemaet frå 1877, og oftast står det berre ”ja” eller ”nei”, men også andre opplysningar kan førekoma. Feltet må ikkje forvekslast med feltet *Meldar* på handlingsnivået, som berre skal brukast for dødfødde.

4.6. Dødfødde

Definisjonen av dødfødde seier at dette berre er dei som er fødde utan liv. Eit barn som berre lever nokre minutt, vert såleis rekna som levande fødd. I kyrkjebøkene skulle også berre dei som var fødde utan liv førast som dødfødde, medan alle som var fødde med liv skulle førast både blant dei fødde/døpte og blant dei døde. Dette gjennomførte ikkje prestane konsekvent, og ofte ser me at prestane førte levandefødde born blant dei dødfødde, med merknad om at barnet levde nokre timar.

Dødfødde born vart ikkje gravlagd på vanleg måte. Difor finn me heller ikkje opplysningar om dato for gravlegging eller jordfesting i kyrkjebøkene. Det vanlege var at den dødfødde vart lagt i grav saman med eit anna lik.

Merknader til registreringa

Når ein registrerer dødfødde, er det presten sin måte å føra dei dødfødde på som skal avgjera korleis ein skal registrera. Er dei dødfødde tatt med i nummereringa blant dei døde, må dei registrerast i same database som dei døde. Er dei dødfødde førte for seg sjølv utan nummerering eller markert med null i nummereringa blant dei døde, skal ein registrera dei dødfødde i eigen database. Alle born som presten har ført blant dei dødfødde skal altså registrerast som dødfødde, jamvel om det går fram at dei var i live ved fødselen.

Fram til kyrkjebøker med skjema vart tatt i bruk, kunne dei dødfødde førast på svært ulike måtar. Her vert det opp til registrator å vurdere om dei dødfødde skal registrerast blant dei døde eller for seg sjølve i ein eigen database. Det som skal vera avgjerande er om presten har tatt dei dødfødde med i nummerrekkefølgja eller i statistikken over døde, eller om dei vart halde utanfor og førte for seg sjølv.

I kyrkjebøkene som byggjer på reskriptet frå 1812 er det ikkje eit eige skjema for dødfødde. Dødfødde skulle i staden førast blant dei døde, og skal også registrerast på same måte. Først med reskriptet av 1820 kom det skjema for dødfødde i kyrkjebøkene. Dette skjemaet stod på same side som dei døde, og me ser at prestane har hatt svært ulik praksis for korleis dei har ført dei dødfødde. Ein del prestar førte dei dødfødde med nummer blant dei døde, og trekte linjer bort til skjemaet for dødfødde der dei førte opplysningar om mellom anna barnet sine foreldre. Andre prestar førte dei dødfødde for seg, utan omsyn til nummereringa av dei døde.

Først med skjemaet av 1877 er det ei eiga avdeling i kyrkjeboka for dei dødfødde, og frå då av kan me rekna med at dei mange prestane hadde omlag same praksis når det gjaldt føring av dødfødde. Dei dødfødde skal då naturleg nok registrerast for seg sjølve i ein eigen database.

Dei ulike skjemaa for føring av dødfødde i kyrkjebøkene

1812: Ikkje eige skjema for dødfødde

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050420010452.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051102060350.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året dødfødselen vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Meldar: Opplysningar i rubrikken *Naar og af hvem Angivelsen er skeet*. Dette gjeld skjemaet frå 1820. Namnet til meldaren kan i tillegg skiljast ut som eige rolle.

Sokn/kyrkje: Namn på soknet dersom dette er ført for dette barnet, eller dersom kyrkjeboka berre dekkjer eitt sokn. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Nokre gonger har presten ført lange utgreiingar om svangerskapet og om dødfødselen ulike stader på sida. Slike merknader skal registrerast i dette feltet. Også opplysningar som at barnet var tvilling, trilling etc. skal registrerast her. Les meir om registrering av merknader under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Barn, far, mor, fødselshjelpar* og meldar*. Rollene skal ikkje registrerast som eigne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I tillegg skal gardsnamnet i namnerubrikken registrerast i dette feltet dersom dette er nytta som etternamn.

Skjemaet for dødfødde frå 1820 er lite detaljert, og overskrifta på rubrikken der foreldra skulle førast (*Den Dødfødtes Forældre*) seier ikkje noko om kva informasjon som skulle vera med. Gardsnamnet i denne rubrikken bør difor registrerast som bustad dersom det er ein gard, eit bruk eller ein plass i prestegjeldet, dersom ikkje andre opplysningar tilseier at dei ikkje budde der. I skjemaet frå 1877 bør gardsnamn i rubrikken *Forældrenes fulde Navne og borgerlige Stilling (Næringsvei)* registrerast som etternamn. Les meir under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Skal brukast for barnet og eventuelt meldar. Les meir under *Felles for alle listene*.

Bustad: Gardsnamn i rubrikken *Den Dødfødtes Forældre* i kyrkjebøker med skjema frå 1820 bør registrerast i dette feltet dersom gardsnamnet viser til ein gard, eit bruk eller ein plass i prestegjeldet. I skjemaet frå 1877 er det innhaldet i rubrikken *Bopæl* som skal registrerast i dette feltet, medan gardsnamn i namnerubrikken skal registrerast som etternamn.

Fødestad: Opplysningar om fødestad er sjeldsynt i listene over dødfødde. Dersom det er med opplysningar om dette, skal det registrerast i dette feltet.

Fødselsdato: Fødselsdato frå rubrikken *Den opgivne Fødsels-Datum* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Fødselsdatum* i skjemaet frå 1877. Feltet skal også brukast for foreldra sin fødselsdato. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Fødselsåret til barnet dersom det avvik frå året som er registrert i feltet *År*. Feltet skal også brukast for fødselsåret til foreldra.

Alder: Alder på foreldra dersom dette er opplyst i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Ekte/uekte: Om barnet var fødd i eller utanfor ekteskap. Bruk "u" for uektefødde og "e" for ektefødde.

4.7. Vaksinerter

Den engelske lækjaren Edward Jenner gjorde i 1796 forsøk med innpoding av kukoppar på eit friskt menneske. Bakgrunnen var at han ville finna ut om antistoffa kroppen utvikla etter å ha vore sjuk av kukoppar kunne verna mot den langt meir farlege sjukdommen koppar. Personen som hadde fått innpoda kukoppar vart nokre veker seinare utsett for koppesmitte, men vart ikkje sjuk. Jenner valde å kalla innpodinga av kukoppar for *vaksine* etter *vacca* som er det latinske ordet for ku, og *vaccinia* som tyder kukoppar.

Metoden til Jenner spreidde seg raskt, og allereie i 1801 gjorde stabsskirurg Magnus Andreas Thulstrup i Christiania den første norske vaksinasjonen mot koppar. Med vaksinasjonslova av 1810 og tillegget til denne i 1811 vart koppevaksinen gjort obligatorisk i Noreg.

Ein plakat av 19. november 1811 påla sokneprestane å føra protokoll over alle vaksinerter, men dette pålegget ser berre i liten grad ut til å ha vorte følgt opp av sokneprestane. Prestane klaga over at dei ikkje ynskte å ha denne type verdslege oppgåver, men ville konsentrera seg om kallet sitt. Dessutan hevda dei at det ikkje var plass til å føra lister over vaksinerter i kyrkjebøkene, og at det var kostbart å kjøpa eigne protokollar til å føra dei i. I 1819 vart det difor på staten sin kostnad bunde inn trykte skjema til føring av vaksinerter. Desse skulle brukast fram til nye kyrkjebokskjema var klare. I 1820 vart dei nye skjemaa innførte, og vaksinerter skulleførast i eige skjema i kyrkjeboka. Det nye skjemaet var nesten likt det frå 1819, med unntak av at rubrikken *Forældrenes Navne* var erstatta med rubrikken *Faderens Navn*.

Prestane sin kontrollfunksjon fungerte ikkje som tilsikta. Trass i pålegg om å føra lister over vaksinerter i kyrkjeboka, var tala på vaksinerter som prestane hadde ført låge samanlikna med tala som vaksinatorane og distriktslækjarane rapporterte inn. Med kongeleg resolusjon av 8. februar 1868 vart difor vedtaket om at sokneprestane skulle føra lister over vaksinerter oppheva. Likevel skulle opplysningar om vaksinasjonsattestarførast i eigen rubrikk i skjemaet for konfirmerte. Dette vart vidareført med skjemaet etter resolusjonen av 1877.

Dei ulike skjemaa for føring av vaksinerter i kyrkjebøkene

1812: Manglar. Trykte skjema innført i 1819.

1820: http://www.arkivverket.no/URN:kb_read?idx_kildeid=1900&uid=ny&idx_side=-21

1877: Ikkje eige skjema for vaksinerte.

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året vaksinasjonen vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Dato for vaksinasjonen. Dette er ikkje ein eigen rubrikk i skjemaet frå 1820, men er med som ein eigen rubrikk i nokre eldre kyrkjebøker utan skjema. Feltet må ikkje blandast saman med feltet *Attestdato*. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Attestdato: Opplysningar frå rubrikken *Attestens Datum*. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Sokn: Namn på soknet dersom dette er ført for denne vaksinasjonen, eller dersom kyrkjeboka berre dekkjer eitt sokn. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Vaksinert, far, mor, vaksinatør*. Rollene skal ikkje registrerast som eigne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I tillegg skal gardsnamnet registrerast i dette feltet dersom dette er nytta som etternamn. Les meir om registrering av namn under *Felles for alle listene*.

- Kjønn: Skal brukast for den vaksinerte og eventuelt for vaksinatøren. Feltet skal ikkje nyttast for far og mor til barnet, då dette følgjer av rollenemninga. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Bustad: For den vaksinerte skal opplysning om bustad vera i rubrikken *Føde- og Opholdsted*. Dersom det berre er nemnd eitt gardsnamn og det ikkje er mogleg å avgjera om dette er bustaden eller fødestaden, skal dette gardsnamnet registrerast både i feltet *Bustad* og *Fødestad*. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Fødestad: Fødestaden. For den vaksinerte skal opplysning om dette vera i rubrikken *Føde- og Opholdsted*. Dersom det berre er nemnd eitt gardsnamn og det ikkje er mogleg å avgjera om dette er bustaden eller fødestaden, skal dette gardsnamnet registrerast både i feltet *Bustad* og *Fødestad*.
- Fødselsdato: Fødselsdato er ikkje med som eigen rubrikk i skjemaet frå 1820, men skal registrerast i dette feltet dersom kyrkjeboka har med opplysningar om dette. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Fødselsår: Fødselsår er ikkje med som eigen rubrikk i skjemaet frå 1820, men feltet skal fyllast ut dersom presten har ført opplysningar om dette. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.
- Alder: Alderen på vedkomande. Les meir under *Felles for alle listene*.

4.8. Innflytta

Styresmaktene hadde tidleg eit ynskje om å kontrollera kvar folk flytta, og Christian 5.s Norske Lov av 1687 innførte difor passtvang for innanlands reiser mellom prestegjelda. I tillegg til reisepass, skulle dei som flytta ha med seg ein flytteattest som inneheldt opplysningar om mellom anna vandel og når dei sist hadde vore til nattverd. Denne attesten skulle skrivast ut av soknepresten i prestegjeldet dei flytta frå, og leverast presten i det prestegjeldet dei flytta til.

Med resolusjonen av 1812 vart prestane også pålagde å føra lister over personar som flytta inn og ut av prestegjeldet, og eigne skjema for føring av såkalla av- og tilgangslister kom med kyrkjebøkene. Skjemaa vart endra både ved resolusjonen frå 1820 og i 1877. For innflytta vart i 1820 rubrikken for *Haandtering* fjerna, medan rubrikkane *Oppgiven Hensigt med Indflytningen*, *Hvor den Indflyttede opholder sig* og *Medbragte attester* var nye. I tillegg skulle fødestaden til dei innflytta takast med. Frå 1877 erstatta rubrikken for fødselsår rubrikken alder, medan rubrikken *Oppgiven Hensigt med Indflytningen* vart fjerna. Endringane i skjemaet for utflytta var langt mindre. Den viktigaste endringa i dette skjemaet var at opplysningar om attestar skulle førast i ein eigen rubrikk.

Ansaret for å skriva ut flytteattestar vart i 1900 lagt til politimeistrane i byane og lensmennene på landet. Med dette forsvann også grunnlaget for føring av inn- og utflyttarar i kyrkjebøkene. Ein del prestar haldt likevel fram med å føra listene over flyttingar nokre år, og ein del kyrkjebøker har oversikter over inn- og utflytta eit godt stykke ut på 1900-talet.

Talet på personar som er førte som inn- eller utflytta i kyrkjebøkene er mykje mindre enn det reelle talet på personar som flytta. Det var gjerne berre dei som hadde fått attestar frå presten som vart førte, og det var slett ikkje alle som tok seg bryet med å levera desse inn når dei kom til ein ny stad. Dermed er det ofte berre ein liten del av flyttestraumane som er å finna på listene over inn- og utflytta i kyrkjebøkene.

Les meir om flyttelistene i kyrkjebøkene i artikkelen ”Prestearkivenes kilder om flyttinger” av Oddleif Lian som vart trykt i *Heimen* i 1994. Denne artikkelen er også tilgjengeleg på Internett: <http://digitalarkivet.uib.no/sab/flytting.htm>.

Merknader til registreringa

Innflyttarar som er førte med same løpenummer, skal registrerast i same handling. Det same bør personar som tydeleg flytta i lag som familie, jamvel om dei er førte i kyrkjeboka med ulike løpenummer. Ulikt dei fleste andre handlingane i Kyrre, vil denne handlinga kunna ha fleire hovudpersonar. Les meir under løpenummer lenger nede.

I skjemaet for innflytta frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevnførelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av innflytta i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050415990301.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050420010504.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050208020528.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummeret dersom dette er ført i kyrkjeboka. Dersom løpenummer manglar for ein einskild post eller det står 0, skal dette også registrerast som i kyrkjeboka. Om fleire personar med ulikt nummer flytta i lag, skal dette registrerast anten ”8,9,10,11” eller ”8-11” i dette feltet, og rolla *innflyttar* skal repeterast for desse personane slik at dei vert registrert i same handling.

År: Året innflyttinga vart ført i kyrkjeboka, anten det er atteståret eller året for innflyttinga. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Datoen for innflyttinga, for attesten eller for føringa i kyrkjeboka. I kyrkjeboka vil ein finna desse opplysningane i rubrikken *Opgiven datum* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Naar indflyttet* i skjemaet frå 1877. Skjemaet frå 1812 manglar rubrikk for føring av dato, og det er berre unntaksvis at dette er tatt med i kyrkjebøkene frå denne perioden. Manglar opplysning om dato, skal feltet stå tomt. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Prestane var ofte på etterskot når det gjaldt å føra flyttingar, og me finn døme på at dato for flyttinga manglar og at året vedkomande flytta er fleire

år tidlegare enn føringsåret. I slike tilfelle markerer ein den manglande datoen med to utropsteikn, og registrerer året flyttinga skjedde etterpå, t.d. ”!! 1816”. Året innflyttinga vart ført i kyrkjeboka skal registrerast i feltet *År*.

Sokn: Kyrkjesoknet dei flytta til. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Skjemaa frå 1820 og 1877 manglar merknadsrubrikk, og eventuelle merknader er gjerne førte ulike stader på sida. I skjemaet frå 1812 er det eigen merknadsrubrikk i kyrkjeboka som er kalla *Anmærkninger*. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personniva

Roller:	Innflyttar (inntil 15 personar per handling). Rollene skal ikkje registrerast som eit eige, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling. I skjemaet frå 1812 er dette ført i ein eigen rubrikk som er kalla *Haandtering*, medan det i skjemaet frå 1820 oftast er ført i namnerubrikken. I skjemaet frå 1877 er det ført i rubrikken *Den Indflyttedes fulde Navn og borgerlige stilling*. Dersom det går klart fram av kyrkjeboka at ei stillingsnemning gjeld fleire personar som t.d. ”*Gaardbrugere*”, skal det registrerast for alle dei personane det gjeld.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn, slektsnamn og gardsnamnet frå namnerubrikken i kyrkjeboka. Les meir om registrering av etternamn under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Kjønnet på vedkomande som flytta. Les meir under *Felles for alle listene*.

Flytta frå: Opplysningar om kvar innflyttarane kom frå. Desse opplysningane finst i rubrikken *Hvorfra ankomne* i skjemaet frå 1812, i rubrikken *Fra hvilket Sted innflyttet* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Hvorfra* i skjemaet frå 1877.

Flytta til: Opplysningar om kvar dei busette seg. Ein eigen rubrikk for dette manglar i skjemaet frå 1812. Dersom presten likevel har ført opplysningar om dette i andre rubrikkar, kan det registrerast i dette feltet. I skjemaet frå 1820 står

opplysningane i rubrikken *Hvor den Indflyttede opholder sig*, og i rubrikken *Hvor Bosat (...)* i skjemaet frå 1877.

Formål: Grunngeving for flyttinga. Desse opplysningane er i rubrikken *Opgiven Hensigt med Indflytningen* i skjemaet frå 1820. Rubrikken manglar i skjemaa frå 1812 og 1877, men prestane har likevel ofte ført opplysningar om dette. Dersom det er mogleg utan å øydeleggja samanhengen, vil det vera ein fordel om slike opplysningar vert plasserte i dette feltet. T.d. vil ”*Til Wold. Skal gifte sig*” kunna delast opp, og ein kan registrera ”*Wold*” i feltet *Flytta til* og ”*Skal gifte sig*” i dette feltet.

Fødestad: Opplysningar om kvar dei som flytta var fødde. Det er ikkje med nokon rubrikk for fødestad i nokon av skjemaa for innflytta. Likevel hender det at presten har ført opplysningar om dette i ein av dei andre rubrikkane. Er dette tilfelle, bør desse opplysningane skiljast ut og registrerast i dette feltet. Står det t.d. ”*Innflyttet fra Christiania, hvor han har bodd siden han ble født*” i rubrikken *Hvorfra ankomne*, kan ein registrera heile denne teksten i feltet *Flytta frå* og i tillegg skriva ”*Christiania*” i feltet *Fødestad*.

Fødselsdato: Fødselsdatoen til vedkomande som flytta. Denne opplysningen har ikkje eigen rubrikk i kyrkjeboka og er normalt ikkje tatt med av presten. Nokre gongar er opplysningar om fødselsdato førte i andre rubrikkar, og dei skal då skiljast ut derfrå og registrerast i dette feltet. Dersom fødselsdato er ført i attestrubrikken i skjemaet frå 1877, må ein vurdera om dette i tillegg skal registrerast også i det feltet. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Fødselsåret til vedkomande som flytta. Denne opplysningen er normalt berre med i kyrkjebøker med skjemaet frå 1877, der det er ein eigen rubrikk for fødselsår. I skjemaa frå 1812 og 1820 var det i staden for fødselsår ein eigen rubrikk for alder. Dersom fødselsåret likevel er tatt med, skal det registrerast i dette feltet, ikkje i feltet *Alder*. Les meir under *Felles for alle listene*.

Alder: Alderen på den som flytta. Opplysning om alder skulle først i eigen rubrikk i kyrkjebøkene med skjema frå 1812 eller 1820. Dersom alder er oppgjeve også i seinare kyrkjebøker, bør det registrerast i dette feltet. Les meir under *Felles for alle listene*.

Attestar*: I skjemaa frå 1820 skulle innhaldet i dei attestane flyttarane hadde med seg refererast i kyrkjeboka i rubrikken *Medbragte Attester* og i skjemaet frå 1877 i rubrikken *Innholdet af medbragte attester (...)*. Opplysningar om fødselsdato, fødestad etc. i denne rubrikken i kyrkjeboka bør skiljast ut og registrerast i tilsvarende felt i databasen.

4.9. Utflytta

Sjå tekst under 4.8 *Innflytta*.

Merknader til registreringa

Personar som er førte med same nummer skal registrerast i same handling. Det same bør personar som tydeleg flytta i lag som familie, jamvel om dei er førte i kyrkjeboka med ulike nummer. Ulikt dei fleste andre handlingane i Kyrre, vil denne handlinga kunna ha fleire hovudpersonar. Les meir under løpenummer lenger nede.

I skjemaet for utflytta frå 1812 er det ein rubrikk *Hvor anført i det almindelige Jevn-førelses-Register*. Denne rubrikken skal ikkje registrerast.

Dei ulike skjemaa for føring av utflytta i kyrkjebøkene

1812: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050415990279.jpg&siz=big>

1820: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050420010504.jpg&siz=big>

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20050208020531.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummeret dersom dette er ført i kyrkjeboka. Dersom løpenummer manglar for ein einskild post eller det står 0, skal dette også registrerast som i kyrkjeboka. Om fleire personar med ulikt nummer flytta i lag, skal dette registrerast anten ”8,9,10,11” eller ”8-11” i dette feltet, og rolla *utflyttar* skal repeterast for desse personane slik at dei kjem i same handling.

År: Året utflyttinga vart ført i kyrkjeboka, anten det er atteståret eller året dei flytta. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Datoen for utflyttinga, attesten eller for føringa i kyrkjeboka. I kyrkjeboka vil ein finna desse opplysningane i rubrikken *Opgiven datum* i skjemaet frå 1820 og i rubrikken *Naar udflyttet* i skjemaet frå 1877. Skjemaet frå 1812 manglar rubrikk for føring av dato, og det er berre unntaksvis at dette er tatt med i kyrkjeboka. Manglar opplysning om dato, skal feltet stå tomt. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Prestane var ofte på etterskot når det gjaldt å føra flyttingar, og me finn dømme på at dato for flyttinga manglar og at året vedkomande flytta er fleire år tidlegare enn føringsåret. I slike tilfelle markerer ein den manglande datoen med to utropsteikn, og registrerer året flyttinga skjedde etterpå, t.d. ”!! 1816”. Året innflyttinga vart ført i kyrkjeboka skal registrerast i feltet *År*.

Sokn: Kyrkjesoknet dei flytta frå. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Skjemaa frå 1820 og 1877 manglar merknadsrubrikk, og eventuelle merknader er gjerne førte ulike stader på sida. I skjemaet frå 1812 er det eigen merknadsrubrikk som er kalla *Anmærkninger*. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Utflyttar (inntil 15 personar per handling). Rollene skal ikkje registrerast som egne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling. I skjemaet frå 1812 er dette ført i ein eigen rubrikk som er kalla *Haandtering*, medan det i skjemaet frå 1820 oftast er ført i namnerubrikken. I skjemaet frå 1877 skulle det førast i rubrikken *Den Utflyttedes fulde Navn og borgerlige stilling*. Dersom det går klart fram av kyrkjeboka at ei stillingsnemning gjeld fleire personar som t.d. ”*Gaardbrugere*”, skal dette registrerast for alle dei personane det gjeld.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal registrerast i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn frå namnerubrikken i kyrkjeboka. I listene over utflytta skal gardsnamnet registrerast i feltet *Bustad (tidl.)* dersom det er ein gard, eit bruk eller ein plass i det prestegjeldet dei flytta frå. Dersom gardsnamnet ikkje er ein gard, eit bruk eller ein plass i det prestegjeldet, skal gardsnamnet registrerast i feltet *Etternamn*. Les meir om registrering av etternamn under *Felles for alle listene*..

Kjønn: Kjønnnet på personen som flytta. Les meir under *Felles for alle listene*.

- Bustad (tidl.): Gardsnamnet frå namnerubrikken dersom det er ein gard, eit bruk eller ein plass i det prestegjeldet dei flytta frå. Sjå elles under *Etternamn*.
- Flytta til: Opplysningar om kvar vedkomande flytta til. I kyrkjebøkene med skjemaet frå 1812 finst desse opplysningane i rubrikken *Hvorhen bortreist*, i kyrkjebøker med skjemaet frå 1820 i rubrikken *Til hvad sted*, og i kyrkjebøker med skjemaet frå 1877, i rubrikken *Hvorhen*. Opplysningar som gjeld formål med utflyttinga, kan skiljast ut i eige felt. Sjå neste punkt.
- Formål: Opplysningar om årsak til eller formål med utflyttinga finst ikkje som eigen rubrikk kyrkjebøkene med trykte skjema. Fordi svært mange prestar likevel førte slike opplysningar, er dette feltet tatt med. Opplysningar om kvifor vedkomande flytta kan skiljast ut dersom dette er mogleg utan å øydeleggja samanhengen. T.d. kan ein for ”*Kingservig for at tiene*” skriva ”*Kingservik*” i feltet *Flytta til* og ”*for at tiene*” i feltet *Formål*. ”*Til Skjolds Præstegjeld i Christiansand Stift, hvor de have kjøbt Gaard*” bør derimot ikkje delast, men registrerast i feltet *Flytta til*.
- Fødestad: Fødestaden til vedkomande som flytta. Det er ikkje med nokon rubrikk for fødestad i nokon av skjemaa for utflytta. Likevel hender det at presten har ført opplysningar om dette i ein av dei andre rubrikkane. Er dette tilfelle bør desse opplysningane skiljast ut og registrerast i dette feltet. Står det t.d. ”*Reist til Christiania, hvor han ble født*” i rubrikken *Hvorhen reist*, kan ein registrera heile denne teksten i feltet *Flytta til* og i tillegg skriva ”*Christiania*” i feltet *Fødestad*.
- Fødselsdato: Fødselsdatoen til vedkomande som flytta. Denne opplysningen har ikkje eigen rubrikk i kyrkjeboka, og er som oftast ikkje tatt med av presten. Opplysningar om fødselsdato som er førte i andre rubrikkar, bør skiljast ut derfrå og registrerast i dette feltet. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Fødselsår: Fødselsåret til vedkomande som flytta. Denne opplysningen er normalt berre med i kyrkjebøker med skjemaet frå 1877, der det er ein eigen rubrikk for fødselsår. I skjemaa frå 1812 og 1820 var det i staden for fødselsår ein eigen rubrikk for alder. Dersom fødselsåret likevel er tatt med, skal det registrerast i dette feltet. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Alder: Alderen på den som flytta. Opplysning om alder skulle førast i eigen rubrikk i kyrkjebøkene med skjema frå 1812 eller 1820. Dersom alder er oppgeve

også i seinare kyrkjebøker, skal det registrerast i dette feltet. Les meir under *Felles for alle listene*.

Attestar*: I skjemaet frå 1877 skulle innhaldet i attestane dei som flytta fekk med seg refererast i kyrkjeboka i rubrikken *Innholdet af meddelte attester og attestens datum*. Opplysningar om fødselsdato, fødestad etc. i denne rubrikken i kyrkjeboka bør skiljast ut og registrerast i tilsvarende felt i databasen.

4.10. Offentlege skriftemål (publice absolverede)

I katolsk tid spelte kyrkjetukt ei svært viktig rolle for at kyrkja skulle kunna hevda sin autoritet. Den Lutherske kyrkja la langt mindre vekt på kyrkjetukt, jamvel om verdslege straffer som gapestokk og bøter framleis vart brukt. Meir vanleg var åndelege straffemetodar, som til dømes det å måtta stå til offentlig skrifte. Dette gjekk ut på at dei som hadde synda, ofte kvinner som hadde fått born utanfor ekteskap, måtte stå framfor kyrkjelyden og vedkjenna seg syndene sine og be om tilgjeving. Personar som måtte halda offentlig skriftemål vart gjerne kalla ”publice absolverede”.

Frå slutten av 1600-talet vart det meir og meir vanleg at kongen gav dispensasjon frå pålegg om offentlig skifte mot at syndaren i staden betalte bot og lova betring. Inspirert av pietistiske tankar vart reglane skjerpa på 1730-talet. Offentleg skrifte for leiermål vart formelt avskaffa i 1767, og mot slutten av hundreåret gjekk dei ulike straffemidla etterkvart ut av bruk.

Offentlege skriftemål vil stort sett berre vera å finna i kyrkjebøkene frå før det kom trykte skjema. Normalt er det få opplysningar som er gjevne. Som oftast har presten berre ført namnet og bustaden til dei som skrifta, og kva som var årsaka til at dei måtte halda offentlig skriftemål.

Merknader til registreringa

Berre den personen som måtte skrifta skal registrerast som eiga rolle (*syndar*). Står det t.d. ”*Kari Olsdtr Berge for leiermål med Ole Pedersen Haug*”, så er det berre Kari Olsdtr Berge som skal med som eiga rolle. ”*for leiermål med Ole Pedersen Haug*” skal registrerast i feltet *Årsak*. Står det derimot ”*Kari Olsdtr Berge og Ole Olsen Haug for leiermål med hinanden*”, og det på denne måten kjem fram at begge måtte skrifta, skal begge registrerast som eigne roller. Handlinga får såleis to hovudpersonar (*syndarar*). I dette tilfellet skal ein i feltet *Årsak* registrera ”*For leiermål med hinanden*”.

Dei ulike skjema for føring av offentlege skriftemål i kyrkjebøkene

Ingen trykte skjema.

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom det er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året skriftemålet vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Dato for skriftemålet. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Årsak: Kva som var grunnen til at vedkomande måtte skrifa.

Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der skriftemålet vart halde eller ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Syndar (inntil 5). Rollene skal ikkje registrerast som egne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn, og i tillegg gardsnamnet dersom dette er nytta som etternamn. Offentlege skriftemål er til vanleg berre er førte i kyrkjebøker utan skjema. Det er difor naturleg å registrera eventuelle gardsnamn som bustad dersom gardsnamnet er namnet på ein gard, eit bruk eller ein plass i prestegjeldet. Les meir under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Kjønn til vedkomande. Les meir under *Felles for alle listene*.

Bustad: Gardsnamnet, dersom det er sannsynleg at vedkomande budde på garden, eller adressa i byane. Sjå også under *Etternamn*.

Fødestad: Fødestaden til vedkomande.

Fødselsdato: Fødselsdato. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Fødselsåret. Skal berre fyllast ut om det er oppgitt i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.

Alder: Alderen. Les meir under *Felles for alle listene*.

4.11. Kommunikantar, betening og beretting

Kommunikantar eller altergjester er vanlege nemningar på personar som gjekk til nattverd. *Nattverd* tyder eigentleg kveldsmåltid, og vart innstifta av Jesus natta før han vart krossfesta. Måltidet består av brød som skal vera Jesu lekam, og vin som symboliserer Jesu blod. I kyrkjeleg språkbruk vert også *alterets sakrament*, *evkharisti* (takkseiing) og *kommunion* (fellesskap) nytta om denne handlinga. Nattverda handlar om takksemd for at Jesus døydde for menneska, fellesskap med Jesus og andre nattverdsgjester gjennom å ta i mot brødet og vinen ved nattverda, og tilgjeving for syndene og oppreisning til nytt liv.

Ved reformasjonen vart både oppfatninga av nattverden og reglane kring den endra. Tidlegare var nattverden det mest heilage av alle dei sju sakramenta, og etter reformasjonen var nattverden saman med dåpen dei einaste sakramenta i den protestantiske kyrkja. Før reformasjonen skulle folk gå til alters ein gong per år, medan det etter 1537 kom påbod om at ein skulle gå minst éin gong, men ikkje meir enn fire gongar per år.

Lenge var det slik at ein måtte vera førebudd for å kunna ta i mot nattverden. Ein måtte difor skrifta og motta presten si tilseiing om tilgjeving frå Gud (*absolusjon*) før nattverdsbesøket. Det vart ikkje stilt krav til livsførselen, men ein måtte skrifta for det gale ein hadde gjort før ein kunne ta i mot nattverd på nytt. Det hende også at einskilde vart nekta nattverd på grunn av manglande kunnskapar.

Ein del personar hadde ikkje høve til å koma til nattverden i kyrkja fordi dei var sjuke eller vanføre. I slike tilfelle kunne dei ”betjenes” eller ”berettes”. Det vil seia at dei sendte bod på presten og mottok nattverden eller sakramentet heime. I dag vert dette kalla soknebod, og er mest vanleg når nokon ligg for døden.

Utover på 1800-talet vart det diskusjon om samanhengen mellom skriftemål, absolusjon og nattverd. I praksis var det då gjerne slik at alle fekk absolusjon utan skriftemål mot lovnad om bot og betring. Mange prestar meinte det var galt å gje absolusjon til omtrent alle, og at ein difor burde skilja desse elementa, men eit slikt skilje kom ikkje før i 1886.

Dei strenge reglane for oppmøte til nattverd vart i mindre og mindre grad handheva utover på 1800-talet, og mange byrja også å sluntra unna i denne perioden. Dei aller fleste haldt fram

med å gå til nattverd heilt til siste halvdel av 1800-talet, men i byane hadde tilbakegangen i nattverdsbesøk byrja allereie på slutten av 1700-talet.

Merknader til registreringa

I kyrkjebøkene er kommunikantane førte på mange ulike måtar. I dei eldste kyrkjebøkene er dei gjerne førte kronologisk innimellom dei andre kyrkjelege handlingane, eller som eigne lister i kyrkjebøkene. Seinare vart det vanleg med eigne kommunikantprotokollar. Dei personane som vart *betente* eller *beretta* heime er nokre gongar ført blant dei døde og andre gongar saman med kommunikantane. Felta nedanfor skal brukast både til vanlege nattverdsgjester (kommunikantar) og dei som mottok sakramentet heime. Dei som vart *betente* eller *beretta* heime skal førast blant kommunikantane dersom dei er førte slik i kyrkjeboka, i eigne lister dersom dei er førte for seg sjølve (bruk feltoppsettet for kommunikantar), eller saman med døde og gravlagde dersom presten førte dei der.

Dei personane som er førte saman som kommunikantar med ein eksplitt relasjon til kvarandre, skal registrerast i same handling. Til dømes skal ei innførsel som denne i kyrkjeboka ”*Ole Olsen Bø med Kone Marthe og to Sønner*” registrerast i ei handling med fire kommunikantar. Denne handlinga kan såleis ha fleire hovudpersonar (*kommunikantar*).

Dei ulike skjema for føring av kommunikantar, betening og beretting i kyrkjebøkene

Ingen trykte skjema.

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom det er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året skriftemålet vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Dato for nattverden. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller kyrkja. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Opplysningar om at vedkomande er betjent eller beretta heime skal også registrerast her. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Kommunikant (inntil 10 personar per handling). Rollene skal ikkje registrerast, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og eventuelle mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn og slektsnamn, og i tillegg gardsnamnet dersom dette er nytta som etternamn. Les meir om registrering av namn under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Skal fyllast ut. Les meir under *Felles for alle listene*

Bustad: Gardsnamnet dersom det er sannsynleg at vedkomande budde på garden, eller adressa i byane. Sjå også under *Etternamn*.

Fødselsdato: Fødselsdatoen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Fødselsår: Fødselsåret. Skal berre fyllast ut om det er oppgitt i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.

Alder: Alderen. Feltet skal berre nyttast om desse opplysningane er ført i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut alderen ut i frå fødselsår.

4.12. Introduserte kvinner

Historisk leksikon forklarer omgrepet introduserte kvinner, eller inngangskoner som dei også vart kalla, på denne måten: ”Iflg. *hedenske såvel som kristne forestillinger var barselkvinnen uren etter fødselen. Hun måtte derfor holde seg borte fra kirken en viss tid (ofte seks uker), og så ved første kirkemøte høytidelig føres inn i kirken av presten*”. Skikken vart praktisert i Noreg frå mellomalderen og langt fram mot vår eiga tid, men er sjeldan etter 1800. Tvungen introduksjon vart oppheva kring midten av 1700-talet.

Mange av prestane førte lister over introduserte kvinner i kyrkjeboka. Det finst ikkje noko standardoppsett for føring av introduserte kvinner, og stort sett er det sparsamt med opplysningar å finna i kyrkjebøkene. I ein del tilfelle er ikkje ein gong namnet på den introduserte kvinna med, berre ektemannen sitt namn. Fordi mødrene sitt namn ofte ikkje er nemnd i dei eldste kyrkjebøkene ved borna sin dåp, kan listene over introduserte kvinner vera til hjelp dersom dei har med namnet på kvinnene. Som oftast er det nokså enkelt å finna ut kven av dei introduserte kvinnene som må vera mor til kva for dåpsbarn.

Merknader til registreringa

Feltet *Kjønn* er tatt bort frå denne listetypen, då dette følgjer av rollenemningane.

Feltoppsettet er meint for eigne lister over introduserte, medan introduksjonane som er førte i samband med dåp, skal registrerast i dåpslistene.

Dei ulike skjemaa for føring av introduserte kvinner i kyrkjebøkene

Ingen trykte skjema.

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året introduksjonen vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

- Dato: Dato for introduksjonen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Sokn/kyrkje: Namn på soknet eller på kyrkja der kvinna vart introdusert, eller der introduksjonen vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Introdusert og ektemann. Rollene skal ikkje registrerast som eigne felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	--

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

- Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.
- Etternamn: Farsnamn og slektsnamn, i tillegg gardsnamnet dersom dette er nytta som etternamn. Introduksjonar er til vanleg berre førte i kyrkjebøker som er eldre enn dei trykte skjema. Det er difor naturleg å registrera eventuelle gardsnamn som bustad dersom gardsnamnet er namnet på ein gard, eit bruk eller ein plass i prestegjeldet. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Bustad: Gardsnamnet, dersom det er sannsynleg at vedkomande budde på garden, eller adressa i byane. Sjå også under *Etternamn*.
- Fødselsdato: Fødselsdatoen. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.
- Fødselsår: Fødselsåret, dersom det er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.
- Alder: Alderen. Les meir under *Felles for alle listene*.

4.13. Innmelde i statskyrkja

16. juli 1845 vart Dissentarlova sanksjonert av kongen, og med denne fekk innbyggjarane i landet for første gong lov til å melda seg ut av det som no vart kalla statskyrkja. Frå no av skulle presten også føra opplysningar i kyrkjeboka om dei som melde seg ut. Med resolusjonen av 1877 kom eigne skjema for inn- og utmelde i kyrkjeboka.

Dei ulike skjemaa for føring av innmelde i kyrkjebøkene

1812: Ikkje skjema for innmelde.

1820: Ikkje skjema for innmelde.

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051103021488.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummer dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året utmeldinga vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Dato for innmeldinga i statskyrkja. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Sokn: Namn på soknet dei innmelde høyrde til. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller:	Innmeld. Rolla skal ikkje registrerast som eige felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under <i>Felles for alle listene</i> .
---------	---

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn:	Farsnamn, slektsnamn og gardsnamn som er førte i namnerubrikken. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Kjønn:	Skal fyllast ut. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Bustad:	Opplysningar frå rubrikken <i>Bopæl</i> .
Fødestad:	Fødestaden. Opplysningar frå rubrikken <i>Fødested (Sogn eller By)</i> .
Fødselsdato:	Fødselsdato. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Fødselsår:	Fødselsåret. Skal berre registrerast dersom det er ført i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.
Alder:	Alderen på vedkomande. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Døyp:	Alle opplysningar frå rubrikken <i>Er vedkommende døbt? Isaafald naar og hvor?</i> Les meir om registrering av datoar under <i>Felles for alle listene</i> .
Frå samfunn:	Tidlegare kyrkjesamfunn. Opplysningar skal finnast i rubrikken <i>Fra hvilket Kirkesamfund træder vedkommende over?</i> i skjemaet frå 1877.
Erklæring*:	Opplysningar frå rubrikken <i>Den Indmeldtes Erklæring om at ville træde over til Statskirken, udtrykt ved egenhændig Indskrivning af Navn i denne Rubrik. (Jfr. Dissenterlov 16. Juli 1845 §16.)</i> . I staden for den innmelde si eiga underskrift, kan ein finna ”avskrift” av underskrifta til vedkomande eller tilvising til erklæring. Dersom ein vel å registrera innhaldet i denne rubrikken, skal det registrerast som i kyrkjeboka.
Ektefelle:	Opplysningar frå rubrikken <i>For gifte personer. Oplysning om hvilket Kirkesamfund Ægtefællen tilhører</i> .
Born:	Opplysningar frå rubrikken <i>Antal Børn under 15 Aar med tilføiet Erklæring (overensstemmende med Dissenterlovens §8) angaaende deres Religionsopdragelse</i> .

4.14. Utmelde av statskyrkja

Sjå tekst under 4.13 *Innmelde i statskyrkja*.

Dei ulike skjemaa for føring av utmelde i kyrkjebøkene

1812: Ikkje skjema for utmelde.

1820: Ikkje skjema for utmelde.

1877: <http://www.arkivverket.no/URN:NBN:no-a1450-kb20051103021491.jpg&siz=big>

Handlingsnivå

Kjeldereferanse: Referanse til kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Side: Sidetalet i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Løpenummer: Løpenummeret dersom dette er ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

År: Året utmeldinga vart ført i kyrkjeboka. Les meir under *Felles for alle listene*.

Dato: Dato for utmeldinga av Statskyrkja. Les meir om registrering av datoar under *Felles for alle listene*.

Sokn: Namn på soknet dei som melde seg ut tilhøyrd. Les meir under *Felles for alle listene*.

Merknader: Alle merknader. Les meir under *Felles for alle listene*.

Personnivå

Roller: Utmeld. Rolla skal ikkje registrerast som eige felt, men markerast ved hjelp av feltoverskrifta. I program der Kyrre er implementert, ligg rollenemninga i programmet. Les meir om roller under *Felles for alle listene*.

Stilling & stand: Opplysningar om sivilstand og yrke/stilling.

Førenamn: I feltet *Førenamn* skal døypenamnet/førenamnet og evt. mellomnamn registrerast. Andre namn skal i feltet *Etternamn*. Sjå neste punkt.

Etternamn: Farsnamn, slektsnamn og gardsnamn som er førte i namnerubrikken. Les meir under *Felles for alle listene*.

Kjønn: Skal fyllast ut. Les meir under *Felles for alle listene*.

Bustad: Opplysningar frå rubrikken *Bopæl*.

Fødestad:	Fødestaden. Opplysningar frå rubrikken <i>Fødested (Sogn eller By)</i> .
Fødselsdato:	Fødselsdato. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Fødselsår:	Fødselsåret. Skal berre fyllast ut om det er oppgitt i kyrkjeboka. Registrator skal ikkje rekna ut fødselsåret ut i frå opplysningar om alder.
Alder:	Alderen på vedkomande. Les meir under <i>Felles for alle listene</i> .
Konfirmert:	Alle opplysningar (stad, dato etc.) frå rubrikken <i>Naar og hvor konfirmeret</i> .
Nytt samfunn:	Kyrkjesamfunnet vedkomande vil melde seg inn i. Opplysningar om dette skal vera førte i rubrikken <i>Til hvilket Kirkesamfund agter den Udmeldte at træde over?</i> i skjemaet frå 1877.
Ektefelle:	Kyrkjesamfunn som ektefellen tilhører. Opplysningar om dette finst i feltet <i>For gifte Personer Oplysning om, hvilket Kirkesamfund Ægtefællen tilhører</i> .
Born:	Opplysningar frå feltet <i>Antal Børn under 15 Aar med tilføiet Erklæring (overenstemmende med Dissenterlovens §8) angaaende deres Religionsopdragelse</i> .

5. Dokumentasjon av kilde og registrering

I kapittel 3 og 4 er det beskrevet hvordan opplysningene ført i de ulike årgangene av og listetypene i kirkebøkene skal registreres. Men i tillegg til disse primære kildedataene trengs det også å registrere noen overordnede opplysninger om den aktuelle kirkeboka og den aktuelle lista i denne, pluss om selve registreringen. Denne dokumentasjonen i digital form kalles gjerne metadata (data om data). Følgende opplysninger anbefales registrert:

5.1 Om kjelda

- Prestegjeld:** Navnet på det prestegjeldet kirkeboka dekker. Selv om boka dekker kun ett sokn innenfor prestegjeldet, registreres prestegjeldsnavnet alene her (uten ordet prestegjeld bak). Eksempel: Spydeberg prestegjeld registreres som "*Spydeberg*".²
- Sokn:** Navnet på det soknet (evt. flere) kirkeboka dekker, dersom dette ikke er hele prestegjeldet. I motsatt fall beholdes feltet tomt. Soknenavnet registreres uten ordet sokn bak. Eksempel: Hovin og Heli sokn (2 av 3) i Spydeberg prestegjeld registreres som "*Hovin og Hel*".³
- Kommunennummer:** Nummeret på den kommunen som (nærmest mulig starttidspunktet for kirkeboka) hadde samme navn som det ovennevnte prestegjeldet. Selv om det aktuelle soknet da også var kommune med eget nummer, registreres prestegjeldets kommunenummer her. Eksempel: "*0123*" (Spydeberg kommune).⁴
- Soknenummer:** Sekssifrede nummer for prestegjeld og åttensifrede nummer for sokn vil bli innført i løpet av 2006-2007.⁵ Hvis kirkeboka dekker mer enn ett sokn innenfor prestegjeldet, registreres prestegjeldets nummer. Eksempel: "*020407*" (Spydeberg prestegjeld).
- Kjeldetype:** Her registreres en av følgende koder, som finnes i Arkivverkets kirkebokskatalog på Internett:

² Offisielle prestegjeldsnavn, soknenavn og soknenummer kan hentes fra en historisk database over prestegjeld og sokn i Norge, som vil bli gjort tilgjengelig på Arkivverkets nettsted i løpet av 2006-2007.

³ Se merknad under Prestegjeld ovenfor.

⁴ Kommunennummer kan hentes fra en historisk database over fylker og kommuner i Norge, som vil bli gjort tilgjengelig på Arkivverkets nettsted i løpet av 2006.

⁵ Se merknad under Prestegjeld ovenfor.

MINI – ministerialbok, dvs. sokneprestens kirkebok
 KLOK – klokkerbok, dvs. klokkerens (kirkesangerens) kirkebokskopi
 RESK – kirkebok ført av residerende kapellan
 DISS – kirkebok fra dissentermenighet (dvs. utenfor statskirken)
 KLAD – kladd til kirkebok (registreres kun dersom MINI og KLOK fra samme tidsrom er gått tapt)
 FREG – fødselsregister
 VAKS - vaksinasjonsprotokoll
 LYSN – lysningsbok (anmeldte ekteskapsinngåelser)

Arkivsignatur: Her registreres kirkebokas ”arkivsignatur”, dvs. dens entydige identifikator innenfor prestegjeldet i følge Arkivverkets kirkebokskatalog (finnes på Internett). Eksempler: “5”, “A 5”, “II 5”, “681.A05”.

Listetype: Her registreres en av følgende koder, som skal samsvare med det brukte registreringsskjemaet i tråd med Kyrre:
 dp – fødte og døpte
 kf – konfirmerte
 vi – viede (inkl. trolovede og lysninger)
 gr – døde og begravde (gravlagte)
 df – dødfødte
 va – vaksinerte
 if – innflyttede
 uf – utflyttede
 pa – publice absolverede (offentlig skriftemål)
 ko – kommunikanter, betjening og beretning
 in – introduserte kvinner
 im – innmeldte i statskirken
 um – utmeldte av statskirken

Startår: Året (kirkeåret eller kalenderåret avhengig av prestens nummerering av innførslene) for første innførsel i denne lista i kirkeboka. Merk (eksempel): ”1788” registreres som startår for ei dåpsliste selv om det første barnet i lista er født 25. november 1787 og døpt 26. desember 1787 (kirkeåret 1788), vel og merke dersom presten har nummerert innførslene innenfor kirkeåret. Merk også at startåret for lista kan være senere enn startåret for kirkeboka som helhet, f.eks. hvis første konfirmasjon er ført i 1834 i ei bok der dåper, vielser og begravelser er ført fra 1832.

- Sluttår: Året (kirkeåret eller kalenderåret avhengig av prestens nummerering av innførslene) for siste innførsel i denne lista i kirkeboka (se forrige felt).
- Oppbevaringsstad: Kirkebøker som er avlevert fra prestekontorene til Arkivverket, oppbevares i statsarkivene. En av følgende koder registreres her:
 SAB – Statsarkivet i Bergen (Hordaland, Sogn og Fjordane)
 SAH – Statsarkivet i Hamar (Hedmark, Oppland)
 SAK – Statsarkivet i Kristiansand (Aust-Agder, Vest-Agder)
 SAKO – Statsarkivet i Kongsberg (Buskerud, Vestfold, Telemark)
 SAO – Statsarkivet i Oslo (Østfold, Akershus, Oslo)
 SAS – Statsarkivet i Stavanger (Rogaland)
 SAT – Statsarkivet i Trondheim (Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland)
 SATØ – Statsarkivet i Tromsø (Troms, Finnmark)
 Dersom den aktuelle kirkeboka ennå ikke er avlevert til Arkivverket, oppgis det aktuelle prestekontoret i fulltekst i dette feltet. Dette feltet må fylles ut!
- Merknader: Merknader knyttet til den aktuelle kirkeboka eller den aktuelle lista innenfor denne, f.eks. om mangler, kildens fysiske tilstand eller spesiell føringspraksis.

5.2 Om registreringa

- Registrert av: Fornavn og etternavn på alle personer som har deltatt i grunnregistreringen av den aktuelle kirkebokslista.
- Registrert når: Tidsangivelse for gjennomføring av grunnregistreringen. Eksempler: “2005”, “våren 2006”, “oktober 2005 – februar 2006”, “28.11 2005-08.01 2006”.
- Korrekturlest av: Fornavn og etternavn på alle personer som har deltatt i korrekturlesingen av den aktuelle kirkebokslista.
- Korrekturlest når: Tidsangivelse for gjennomføring av korrekturlesingen. Eksempler: “2005”, “våren 2006”, “oktober 2005 – februar 2006”, “28.11 2005-08.01 2006”.
- Føretak: Det foretaket (institusjon, organisasjon, lag, enkeltperson) som står bak registreringen og har rettighetene til og det videre forvaltningsansvaret for dataene, f.eks. “Sola historielag”.
- Kontaktperson: Kontaktperson innenfor foretaket. Her registreres gjerne navn, postadresse, e-postadresse og telefon. Eksempel: “Odd Olsen, Hans Gudes vei 16, 4023 Stavanger, oddols@online.no, 51 57 66 32”. Hvis

foretaket er en enkeltperson, kan navnet kuttes ut her, men resten av opplysningene tas med.

- Grunnlag: Grunnlaget for dataregistreringen av kilden. Aktuelle verdier her er f.eks.: *"Papirkopi"*, *"Mikrofiche"*, *"Mikrofilm"*, *"Skanning"* (dvs. skannede bilder av kilden), *"Original"*.
- Program: Det dataprogrammet som er benyttet til registreringen. Aktuelle verdier her er f.eks.: *"Augustus"*, *"Filemaker Pro"*, *"Access"*, *"dBase"*, *"Excel"*.
- Fildato: Dato for ferdigstillelse av datafilen etter registrering, korrekturlesing og oppretting. Format: dd.mm åååå. Eksempel: *"04.02 2006"*.
- Merknader: Merknader knyttet til registreringsprosessen for den aktuelle kirkebokslista, f.eks. om dårlige kopier, utelatelser eller spesielle tilpasninger.

6. Datastruktur

Dette kapitlet er mest for databehandlere og utviklere av registrerings- og brukerprogrammer.

I kapittel 3, 4 og 5 er det beskrevet i detalj hvordan kildens opplysninger om handlinger og personer, og overordnede opplysninger om kilden og selve registreringsarbeidet, skal registreres i et registreringsprogram tilpasset Kyrre-standarden. Dette kalles gjerne standardens *registreringsinstrukser*. Men ut av registreringsprogrammet skal det til slutt komme *datafiler*. I dette kapitlet spesifiseres det hvordan disse skal være. Dette kalles standardens *datastruktur*. En omtale av alternative registreringsprogrammer følger i neste kapittel.

De fleste aktuelle programmer for registrering av kirkeboksopplysninger i tråd med Kyrre vil være basert på et databasesystem, f.eks. Access, Paradox eller Filemaker Pro. Slike programmer vil lagre dataene internt i et databaseformat (ofte binært) som er uløselig knyttet til det underliggende databasesystemet. Dataene kan ikke leses/tolkes av andre programmer, og formatet vil ofte bli endret med nye versjoner av databasesystemet. Filer i databaseformat er derfor lite egnet for langtidslagring og -bruk av kirkeboksdata.

Aktuelle registreringsprogrammer må derfor ha funksjoner for eksport av dataene fra den underliggende databasen til tekstfiler, som er et veletablert og varig grunnformat egnet for lagring og distribusjon/utveksling av denne typen data. Tekstfiler i tråd med Kyrre skal ha følgende egenskaper:

Tegnsett: UTF-8 eller ISO 8859/1
Postskille: CR+LF (linjeskift)

Av tekstfiler finnes det en rekke alternative underformater. Kyrre tillater tre slike:

Formatalternativ 1: XML

XML (eXtensible Markup Language) er vedtatt som hovedformat i Kyrre. Det vil si at det skal brukes ved datautveksling mellom ulike registrerings- og brukerprogrammer som støtter standarden, ved innsending av data til Digitalarkivet og til langtidslagring av dataene i Riksarkivet. XML er et format der ”merkelapper” (engelsk: tags) forteller hvilket felt den

etterfølgende dataverdien (opplysningen) tilhører. XML-filer er følgelig mer selvdokumenterende enn andre tekstfiler. De merkelappene som er ”lovlige” i en XML-fil, er forhåndsdefinert i en såkalt DTD (Data Type Definition) eller en XSD (XML Schema). En DTD for dette hovedformatet i Kyrre finnes i vedlegg 3.

I en XML-fil kan dataene struktureres hierarkisk, hvilket er svært gunstig for Kyrres hierarki mellom handlinger og personer. XML-formatet har ytterligere et par viktige fordeler: For det første kan man ved hjelp av en såkalt ”parser”, som f.eks. finnes i Internet Explorer og andre nettlesere, maskinelt verifisere at en XML-fil er ”syntaktisk” korrekt i henhold til den tilhørende DTDen eller XSDen. For det andre kan dataene i XML-filen ved hjelp av et såkalt stilark (XSL- eller CSS-fil) vises fram med skreddersydd layout i en vanlig nettleser. Dataene iført denne layout’en kan også om ønskelig skrives ut på papir, f.eks. til bruk som korrekturutskrift. I XML-filer skal tegnsettet UTF-8 benyttes. Sterkt forkortet eksempel på XML-fil (hierarkiet vises ved hjelp av innrykk):

```
<kyrre>
  <kjelde>
    <prgjeld>Spydeberg</prgjeld>
    <ksokn>Hovin og Heli</ksokn>
    ..... flere felt her .....
  </kjelde>
  <registrering>
    <reg_av>Guri Pettersen</reg_av>
    <reg_naar>november 2005</reg_naar>
    ..... flere felt her .....
  </registrering>
  <dp> ..... dåpshandling .....
    <side>5</side>
    <lopenr>1</lopenr>
    <aar>1817</aar>
    <dpdato>07.01</dpdato>
    ..... flere felt her ....
    <dp_person>
      <rolle>barn</rolle>
      <forenamn>Anna Lovinda</forenamn>
      <kjonn>k</kjonn>
      ..... flere felt her .....
    </dp_person>
    <dp_person>
      <rolle>far</rolle>
      <forenamn>Mons Ola</forenamn>
      <etternamn>Hansen</etternamn>
      <kjonn>m</kjonn>
      ..... flere felt her .....
```

```

        </dp_person>
        ..... flere personer her .....
    </dp>
    ..... flere dåper her .....
</kyrre>

```

Formatalternativ 2: SDV (hierarkisk struktur)

Siden XML er et ganske komplisert tekstfilformat som ennå ikke kan produseres automatisk av generelle databasesystemer (Access, Paradox, Filemaker Pro osv.), åpner Kyrre også for to alternative tekstfilformater. SDV (Semicolon Delimited Values) er en ofte brukt betegnelse på tekstfiler der dataene er strukturert i separate poster (linjer) av spesifiserte typer for hver "enhet" det registreres data om (f.eks. dåpshandlinger og personer), og med et fast skilletegn mellom feltene i posten. Hvert felt har sin faste plass innenfor posten. Feltene har uspesifisert lengde, og manglende dataverdier resulterer i at to feltskilletegn kommer rett etter hverandre. Et hierarki mellom postene av ulike typer ivaretas i en slik fil enten av postenes innbyrdes rekkefølge eller ved hjelp av nøkkelfelt i postene. I Kyrre er semikolon ";" og mindre enn "<" tillatte feltskilletegn, men kun ett av dem kan brukes innenfor samme fil. Det er meget viktig at det definerte feltskilletegnet ikke brukes i dataverdiene (medfører feltforskyvning), så registreringsprogrammet bør gjøre dette umulig. Det skal ikke benyttes anførselstegn e.a. rundt dataverdiene. Det skal ikke være noe feltskilletegn etter det siste feltet. Alle feltskilletegn skal tas med, selv om det er flere tomme felt på slutten av posten. Tekstfiler av denne typen betegnes noen ganger også som CSV (Comma Separated Values). Sterkt forkortet eksempel på en hierarkisk SDV-fil:

```

1<Spydeberg<Hovin og Veli<0123<020407<MINI<A 5<dp<.... flere felt her....
2<Guri Pettersen<november 2005<Alf Pettersen<januar-februar 2006<Spydeberg
historielag<.. flere felt her ..
3<5<1<1817<07.01<<<<Hovin kirke<Barnet døde 20de Juni 1817
4<barn<<Anna Lovinda<Monsdatter*<k<Hallerud*<<18.12<1816<<E<
4<far<Gbr.<Mons Ole<Hansen<k<Hallerud<Hovin<<<36<<1812
4<mor<Hustru<Elvira<Jonsdatter<k<Hallerud<Christiania<<<27<<1812
4<..... faddere osv. her .....
3<5<2<1817<14.01<..... neste dåp følger her .....

```

Formatalternativ 3: SDV (flat struktur)

Mange har tidligere registrert kirkeboksopplysninger i regnearkprogrammer som Microsoft Excel o.l. Slike programmer gir ikke mulighet for å ivareta Kyrres hierarki mellom handlinger og personer, men for at de registratorene som ønsker det, skal få fortsette å registrere i slike programmer, tilbyr Kyrre også en "flat" datastruktur tilpasset disse. Dette er også SDV-filer, men de inneholder poster (linjer) av kun én type, nemlig handlingsposter utvidet med felt for et endelig antall personer bakerst i posten. Følgende spesifikasjoner for de hierarkiske SDV-filene (alternativ 2 ovenfor) gjelder også for de "flate" filene: Det benyttes et fast skilletegn mellom feltene i posten. Hvert felt har sin faste plass innenfor posten. Feltene har uspesifisert lengde, og manglende dataverdier resulterer i at to feltskilletegn kommer rett etter hverandre. Semikolon ";" og mindre enn "<" er tillatte feltskilletegn, men kun ett av dem kan brukes innenfor samme fil. Det skal ikke være noe feltskilletegn etter det siste feltet. Alle feltskilletegn skal tas med, selv om det er flere tomme felt på slutten av posten. Følgende gjelder også: Det er meget viktig at det definerte feltskilletegnet ikke brukes i dataverdiene (medfører feltforskyvning). Hvis programmet ikke kan garantere dette, åpnes det for å benytte anførselstegn e.a. rundt dataverdiene. De flate SDV-filene kan gjerne også ha en "tittellinje" (dvs. en post med de feltnavnene som er brukt i registreringsprogrammet) som første post i filen. Opplysningene om kilden og registreringen (metadataene) tas ikke med i disse filene. Sterkt forkortet eksempel på en flat SDV-fil:

Spydeberg (Hovin og Heli) Mini A 5<5<1<1817<07.01<<<<Hovin kirke<Barnet døde 20de
Juni 1817<<Anna Lovinda<Monsdatter*<k<Hallerud*<<18.12<1816<<E<<Gbr.<Mons
Ole<Hansen<k<Hallerud<Hovin<<<36<<1812<Hustru<Elvira<Jonsdatter<k<Hallerud<Chris
tiania<<<27<<1812<fadder<Gbr.<Alfred<Nielsen<.. osv...
Spydeberg (Hovin og Heli) Mini A 5<5<1<1817<14.01<..... *neste dåp følger her*

Vedlegg 2 gir en oversikt over hvilke felt som skal være med i de ulike postene for de tre formatalternativene beskrevet ovenfor.

7. Registreringsprogrammer

Kyrre er i utgangspunktet en åpen standard for dataregistrering av kirkebøker, dvs. at den ikke er knyttet til noe bestemt registreringsprogram, verken kommersielt eller annet. Men siden Kyrres hierarkiske datastruktur (filformater) ikke vil kunne produseres automatisk av tilgjengelige ”hyllevareprogrammer”, har Riksarkivaren/Digitalarkivet villet sikre seg at spesialutviklede programmer for registrering i tråd med Kyrre vil være allment tilgjengelige så raskt som mulig etter at standarden blir publisert. Pr. august 2005 er det gitt signaler om at minst ett slikt program vil bli utviklet i nær framtid:

Augustus utvikles av Jan Kjetil Andersen for DIS-Norge. Augustus versjon 1 er basert på den utgående *Standard 4G* for kirkeboksregistrering, og er i dag gratis tilgjengelig for alle registratorer innenfor DIS-Norge, kommersielt tilgjengelig utenfor. Augustus versjon 2 vil bli utviklet våren 2006 basert på Kyrre. Det forventes at programmet vil bli gratis tilgjengelig for alle. Det er videre signalisert at Augustus 2 vil kunne eksportere og importere datafiler i Kyrres hovedformat XML og formatet SDV hierarkisk struktur, og dessuten kunne importere datafiler i *Standard 4G*-format med tittellinje og BD87-format. Data i de to sistnevnte formatene vil måtte konverteres ved importen (sammenslåing av felt m.m.) for å tilpasses Kyrres datastruktur. Det er også ambisjoner om at Augustus skal ha ”skreddersydde” registreringsskjemaer for hver av de tre skjemavariantene (1812, 1820, 1877) av de ulike listene i kirkebøkene.

Registreringsforetak eller deres datatekniske medhjelpere står også fritt til å implementere Kyrres hierarkiske datastruktur i velkjente databaseprogrammer som ***Access (Microsoft)***, ***Paradox (Borland)***, ***Filmemaker Pro*** og ***MySQL*** (med separate tabeller for kilder, registreringer, handlinger og personer – se vedlegg 2) og deretter benytte disse til registreringen. Men med disse programmene vil det være nødvendig med noe programmering for å få dataene over fra databasetabellene til de tekstfilformatene Kyrre krever (formatalternativ 1 og 2 beskrevet i forrige kapittel).

Som nevnt åpner Kyrre også for fortsatt å kunne benytte ***Excel (Microsoft)*** og andre regnearkprogrammer til registrering av kirkebøker, men registratorene kan her ikke forvente den samme brukervennligheten som de ovennevnte programmene trolig vil kunne tilby. Fra regnearkprogrammene vil det imidlertid være relativt enkelt å eksportere dataene til Kyrres

tekstfilformat SDV flat struktur (formatalternativ 3). Ved bruk av slike programmer vil det også være mulig å utelate de feltene i datastrukturen som ikke vil komme til anvendelse ved registreringen av en bestemt kilde/liste.

Rent praktisk er registreringen av f.eks. **døpte i Excel** tenkt gjennomført slik: Registratoren foretar først en kartlegging av hvilke opplysninger den aktuelle dåpslista typisk gir om dåpene og de involverte personene, velger ut de tilhørende feltene fra feltoversikten for ”døpte” i vedlegg 2, og oppretter disse som kolonner i et Excel-ark. Det må ikke opprettes kolonner som ikke er spesifisert som felt i vedlegg 2! Feltkodene i vedlegg 2 kan gjerne brukes som kolonnenavn i Excel, men det er ikke strengt nødvendig. Feltene for personer må gjentas for hver rolle en vil registrere, slik at en bestemt sekvens med kolonner i regnearket alltid tilhører den samme rollen, f.eks. mora til barnet eller 2. fadder. De ulike rollene vil imidlertid kreve ulike feltutvalg (fødselsår for faddere er f.eks. aldri oppgitt). Dersom det under registreringsgang viser seg nødvendig med flere felt for opplysninger om dåpen eller en eller flere av rollene, er det i Excel enkelt å putte inn nye kolonner (kun fra vedlegg 2!) mellom de eksisterende uten at dataene forskyver seg. Før en går i gang med registreringen er det svært viktig at en leser kapittel 2-5 som forklarer de viktigste prinsippene for registrering i Kyrre, og hvordan informasjonen skal overføres fra en kirkebok til en database.

Etter at registreringen av den aktuelle dåpslista er gjennomført, kan Excel enkelt eksportere dataene til en tekstfil i formatet SDV (med flat struktur). Digitalarkivet vil på sikt utvikle et interaktivt program for konvertering av databaser fra flate filer til XML-format. Når dette programmet er klart må de som registrerer *konvertere* (dvs. omformatere) databasen til XML-format (se forrige kapittel). Programmet vil bli fritt tilgjengelig for alle. I dette programmet kan brukeren angi hvilket felt (feltnummer) i postene i SDV-filen som tilsvarer hvilket felt for hvilken rolle i den hierarkiske datastrukturen i vedlegg 2. Etter at dette er angitt leser programmet inn SDV-filen og skriver dataene ut igjen som en XML-fil (formatvariant 1). Denne filen kan deretter sendes inn til Digitalarkivet eller utnyttes på andre måter. Frem til konverteringsprogrammet er klart, kan filer med flat struktur sendes til Digitalarkivet i Excel-, dBase- eller Access-format, eller som tekstfiler i formatet SDV (formatalternativ 3 i forrige kapittel).

Vedlegg 1: Registreringsskjema for konfirmantar

Kjelderreferanse	Side	Løpe-nummer	Dato	År	Merknader	Konfirmant forenamm	Konfirmant etternamm	Konfirmant kjønn	Konfirmant alder	Konfirmant fødestad	Far forenamm	Far etternamm	Mor forenamm	Mor etternamm	Karakter	Vaksinasjon
Manger Mini A4	149	20	3009	1827		Ingebor	Bendix	k	16	Ekeland	Bendix	Niels	Kari	Nielsd.	Taalig brav	1816 2de Dec. at Wisb.
Manger Mini A4	149	21	3009	1827		Britha	Michelsd.	k	16	Kierregaard	Michel	Monss.	Mallene	Olss.	Taalig brav	1812 2de Jun at Wisb.
Manger Mini A4	149	22	3009	1827		Ingebor	gregorijd.	k	16	Kierregaard	Gregorius	Olss.	Anblør	Olss.	Taalig brav	1813 21de Juli at Wisbek
Manger Mini A4	149	23	3009	1827		Ingebor	Hansd.	k	17	Bratshoug	Hans	Johns.	Elsebed	Nielsd.	Taalig brav	1812 2de Juli at Wisbek
Manger Mini A4	149	24	3009	1827		Mallene	Monss.	k	16	Schraaenstøe	Monss.	Monss.	Anna	Olss.	Taalig brav	Har havt de naturlige kopper
Manger Mini A4	149	25	3009	1827		Liva	Sursd.	k	16	Blom	Siur	Anderss.	Synøve	Jonhsd.	Taalig brav	1812 2de Juli at Wisb.
